



Årsmelding og rekneskap 2015

Noregs Ungdomslag 2016

Noregs Ungdomslag (NU) vart skipa i 1896 og er ein kulturorganisasjon med over 13 000 medlemmar i 400 lag over heile landet. Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.



Framsidedfoto:

Frå Sommarleiren 2015.
Foto: Sindre Vaskinn Hunn

Kontaktinformasjon:

T: 24 14 11 10
E-post: post@ungdomslag.no

På nett:

www.ungdomslag.no
www.facebook.com/noregsungdomslag
www.flickr.com/noregsungdomslag
www.twitter.com/ungdomslag

[#levandelokalkultur](https://twitter.com/ungdomslag)

FØREORD FRÅ STYRET

Organisasjonen vår er utruleg spanande samansett. Det er stor skilnad mellom eit stort bondeungdomslag og eit lite lag på bygda. Besøksrunden, der styret og administrasjonen sentralt, i samarbeid med fylkeslaga, besøker lokallaga, viser oss dette mangfaldet.

Verksemda vår er allsidig. Aktiviteten i seg sjølv er det, med alle våre teaterlag, folkedanslag, barnelag, fritidsklubbar, husstyre og anna. Måten me organiserer oss på er også ulik. Dei fleste eig eller deleig hus, men mange låner også øvingslokale frå kommunen eller andre.

For NU har dette mangfaldet ein verdi, og det kjem ikkje av seg sjølv. Gjennom daglege aktivitetar som treff breitt, klarer me å oppretthalde denne tradisjonen. Svært mange av våre arrangement er opne for alle, og ofte samlar det bygdefolket og naboar til samankomst, som eitt av få alternativ.

Eit prosjekt som starta så smått opp i 2015, og som verkeleg skal understreke dette mangfaldet, er NU-kulturformidling. Dette prosjektet er ei nasjonal satsing for å løfte fram ungdomshusa som lokaler for turneverksemd. Tilbakemeldingane frå laga så langt, har vore utelukkande positive. Ein ynskjer å fylle husa med innhald, og aller helst eit tilbod som samlar bygda i aktivitet og opplevingar.

Medan NU ser på mangfaldet som ein verdi, er det ofte sett på som avgrensande av andre. Til dømes er det i mange politiske miljø, eit for snevert syn på kunnskapsformidling. Mange hugsar sikkert Høgre og Frp sitt forsøk på kutt i rammene for vaksenopplæring gjennom studieforbunda i 2014.

Ungdomslaga er ein opplæringsaktør som formidlar kunnskap gjennom bruk og aktivitet, og er avhengig av eit breiare perspektiv rundt læring, som ein t.d. får gjennom studieforbundsordninga. Det er ein del av vår kulturelle grunnmur, ikkje berre i den praktiske aktiviteten, men også i måten me gir

folk moglegheit til å utvikle seg. Dette er etter vårt syn sjølvsagt. Likevel er den måten å tenkje kunnskapsoverføring på under stadig press. Ei av våre viktigaste oppgåver framover blir å heve kunnskapsfana, og det på våre premisser.

Eit anna døme er generasjonsperspektivet som ofte ikkje passar inn i stønadsordningane. Ein skulle eigentleg ikkje tru at møteplassar på tvers av alder, skulle vere ei utfordring for nokon. Men seinast i 2015 var dette tema i Hordaland, der ein ville ekskludere alle barne- og ungdomsorganisasjonar som hadde færre enn 50% av medlemmane under 26 år frå ei stønadsordning. Dette slo uheldig ut for ungdomslaga og eit par andre organisasjonar, som til saman hadde dei fleste barne- og ungdomsmedlemmane i fylket. Då kan ein lure på kva som er motivasjonen og ikkje minst intensjonen. I praksis ville dette ført til at majoriteten av det organiserte barne- og ungdomsarbeidet ville fått forringa vilkår. No skal det nemnast at fylkespolitikarane snudde i saka, og fortset som før.

Me ønskjer å rette ein stor takk til alle tillitsvalte og instruktørar som har stått på i lokallaget året som har gått. Gjennom besøksrundane møter me svært mange av dykk, og me let oss inspirere over engasjementet og gløden de viser, for kvar dag å skape levande lokalkultur!

Oslo, 12.3.2016

Styret i Noregs Ungdomslag

1 Arbeid i perioden

Landsmøtet i 2014 vedtok ein langtidsplan for perioden 2014-2018 med fem overordna strategiar, og ein nærare omtale av utfordringane knytt til desse strategiane. I tillegg vedtok landsmøtet ein arbeidsplan med mål for perioden 2014-2016. I denne første delen av årsmeldinga rapporterer styret på kva tiltak som er gjennomført i 2015 for å nærme oss måla i arbeidsplanen.

Langtidsplanen sitt overordna mål: Sikre Noregs Ungdomslag sin posisjon som ein organisasjon for lokalkultur og levande lokalmiljø.

Langtidsplanstrategi 1: Styrke den lokale aktiviteten

Noregs Ungdomslag er tufta på lokal aktivitet. Ei styrking av denne aktiviteten vil styrke Noregs Ungdomslag som organisasjon. Ein kvar organisasjon i utvikling må ha ei målsetjing om auke eller vekst for å vere levekraftig.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2015
Innføre ei desentralisert instruktør opplæring innanfor teater og dans, slik at laga kan få fleire og meir skolerte instruktørar.	Den nye desentraliserte instruktør opplæringa kom i gang hausten 2015. Oppstartkurset hadde tema dansleik for barneinstruktørar, og vart gjennomført i Bergen 25.-27. september med 22 deltakarar frå heile landet. Det er lenge sidan Noregs Ungdomslag har hatt eit instruktørkurs med så mange deltakarar. Det vart også gjennomført eit grunnleggjande instruktørkurs i folkedans på Jevnaker 14.-15. november. Her var det 14 deltakarar. I tillegg til vart det også arrangert instruktørkurs på Sørmarka i samarbeid med SAFFA januar 2015. Slutføringa av instruktørkurskatalog og samarbeidsavtalar med fylkeslag vert slutført vår 2016.
NU skal ha satt i gang regionale husutviklingsprosjekt i fire nye fylke	Huset i Bygda Hordaland har prosjektperioden 2014-2016. Hordaland Ungdomslag er prosjekteigar, men NU sentralt er ein aktør i prosjektet, ved at arbeidsgjevaransvaret er lagt til NU. I tillegg har styreleiar vore representert i styringsgruppa for prosjektet. Hausten 2015 fekk NU tilsagn frå Møre og Romsdal fylkeskommune om å starte opp eit tilsvarande prosjekt i dette fylket, men prosjektoppstart er utsett til 2016. I Sogn og Fjordane er det også eit tilsvarande prosjekt, men dette er heileigd av Sogn og Fjordane Ungdomslag. NU og Sogn og Fjordane Ungdomslag, som starta pionerprosjektet, har hatt mykje dialog om ei nasjonal koordinering av dei tre parallelle Huset i Bygda-prosjekta, og på tampen av året vart ein samde om ein samarbeidsavtale som også medfører at NU tek over drifts- og eigaransvaret for portalen husetibygda.no
NU skal ha eit auka servicetilbod overfor lag som driv egne hus.	Prosjektet NU kulturformidling starta opp i november 2015, ved at NU tilsette ein prosjektleiar i ei 50% stilling. Gjennom dette prosjektet ønskjer styret å løfte husa som konsert- og kulturarenaer lokalt, ved å samle dei i ei landsdekkande kjede av turnehus.
Nasjonale prosjekt skal synleggjere og styrke den lokale aktiviteten.	Både Huset i Bygda og NU kulturformidling har som føremål å løfte fram den lokale aktiviteten.

Langtidsplanstrategi 2:**Styrke nettverket mellom ungdomslaga på lokalt, regionalt, nasjonalt og nordisk nivå.**

Ungdomslaga sitt arbeid tek utgangspunkt i det lokale særpreget for sitt miljø og sine behov. Det vil vere viktig for organisasjonsbygginga at laga opplever eit fellesskap på tvers av geografiske og faglege linjer. Fylkeslaga må ha ei viktigare rolle i dette arbeidet.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2015
Halvparten av lokallaga skal ha fått besøk frå sentralleddet og fylkeslaget, med ein langsiktig strategi for besøk av alle laga innanfor langtidsplanperioden.	Det er gjennomført lokallagsbesøk i Aust-Agder, Nord-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Buskerud og Rogaland. Tilsaman 28 møter med 216 representantar frå 69 lokallag. Dette fordeler seg slik: Aust-Agder: 4 møter, med til saman 37 representantar frå 11 lag. 1 lag er førebels ikkje nådd. Nord-Trøndelag: 8 møter med til saman 57 representantar frå 19 lokallag. 22 lag er førebels ikkje nådd. Sogn og Fjordane: 10 møter med til saman 64 representantar frå 22 lokallag. 20 lag er ikkje nådd. Buskerud: 3 møter med til saman 22 representantar frå 8 lokallag. 7 lag er førebels ikkje nådd Rogaland: 3 møter med til saman 36 personar frå 9 lokallag. 5 lag er førebels ikkje nådd
Avklare rolla til fylkeslag som ikkje fungerer optimalt ut frå lokallaga sine behov	Det har ikkje vore arbeidd konkret med dette i 2015.
Sommarleiren, folkedansfestivalen, amatørteaterfestivalen og Nordlek skal vere naturlege arenaer for fleire lokallag, med utgangspunkt i strategien for sentrale tilskipingar.	Sommarleiren vart gjennomført med 72 deltakarar. På leiren var det særleg mange unge, nye deltakarar. I tillegg var det mange av dei som var nye deltakarar i 2014, som kom att i 2015. På Nordlek i Viborg var det 261 deltakarar frå Noreg. Det skulle etter planen ikkje arrangerast festivalar i regi av Noregs Ungdomslag i 2015. På landsmøtet i 2015 vart det vedteke å leggje ned både Norsk Amatørteaterfestival og Folkedansfestivalen, mot at det vart oppretta eit utval med representantar som skulle greie ut behov og eventuell utforming for eit nytt landsdekkande arrangement som dekkjer alle fagområda i Noregs Ungdomslag. Det vart lyst ut etter kandidatar til dette hausten 2015, og nedsett eit utval som skal arbeide vidare med dette i 2016.

Langtidsplanstrategi 3:

Auke opplæringsaktiviteten

Vaksenopplæringsforbundet har satt eit mål om at tal deltakarar på kurs skal doblast i perioden 2012-2017. Dette må NU følgje opp med klare målsetjingar for opplæringsarbeidet på alle plan i organisasjonen. Styrka opplæring vil føre til auka aktivitet og ein meir levande lokalkultur.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2015
Støtteordningane innanfor opplæring skal vere betre kjent i lokallaga	Det vert jamleg orientert om støtteordningane, både i direkte møte med lokallaga og gjennom informasjonskanalane våre, men det har ikkje vore gjennomført konkrete, målbare tiltak for å gjere desse betre kjent.
Utvikle gjesteinstruktørordninga i NU, slik at fleire lag kan nytte godt av ordninga.	Gjesteinstruktørordninga vert tilbydd innanfor teater, dans og organisasjon. På teater har ordninga har dei siste åra vorte meir og meir populær, og toppa seg i 2014. I 2015 derimot, stupte ordninga kraftig, med både færre førespurnader og færre gjennomførte kurshelger. Det var fleire som lurte på om dei kanskje kunne nytte seg av ordninga, men som anten utsette eller avlyste kursa dei hadde tenkt å ha. Det var berre 4 formelle søknadar om å nytte seg av ordninga i 2015, og berre to av desse vart gjennomført som planlagt, UL Fram, Rogne og Framsteg UL i Nord-Torpa i september. Bergen UL Ervingen og Vågane UL hadde også planar om kurs, men begge måtte avlyse grunna for få påmelde til kursa. Noko av årsaka til den dalande pågangen, kan liggje i at NU dei to foregåande åra har informert ein heil del i Ungdom og på nett om gjesteinstruktørordninga, medan det det siste året har vore stilt om denne. Det syner kor viktig det er med jamleg informasjon om slike tilbod ut til laga. På dans har det også vore gjennomført fire oppdrag innanfor gjesteinstruktørordninga. Det er også store behov for å gjera ordninga meir profesjonell på både dans og teater og å knyta til seg instruktørar innanfor ulike dansesjangrar og teatermetodar.
NU skal ha eit etablert opplæringstilbod for barneinstruktørar	Barneinstruktørkurs er ein del av den nye kurspakka på dans, og vil vera eit prioritert fagleg område innanfor kurspakka. Det vart gjennomført barneinstruktørkurs i Bergen 25.-27. september. NU har også fått midlar til eit forprosjekt som skal filma undervisingsopplegg for barn og unge. Prosjektet har namn Folkepedia og vert sett i gang i 2016.
Sikre at det finst gode vidareutdanningar for instruktørar	Dei nye kurspakkane innanfor instruktør opplæringa på dans og teater som vart ferdigstilt i 2015 gir eit mangfaldig tilbod som også rettar seg mot etablerte instruktørar.

Langtidsplanstrategi 4:

Styrke demokratiarenaene

Oppslutnaden kring dei formelle demokratiarenaene i ungdomslaga er svak. Dårleg oppmøte på årsmøta på fylkes- og sentralplan medfører at vedtak som blir fatta ikkje er representative, og vi vil i realiteten få ein organisasjon som er styrt av få.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2015
Landsmøtet skal få auka oppslutnad frå lokallaga	På bakgrunn av tilbakemeldingar frå utsendingane til landsmøtet i 2014, blei det lagt opp til ei noko anna gjennomføring i 2015. Programmet starta fredag, som tidlegare, men no ved seminar med frivillig deltaking fredag ettermiddag og laurdags føremiddag. Styret prøver å utvikle landsmøtet frå år til år, slik at dette kan bygge seg gradvis større.
Landsrådet skal utviklast som ein møtearena for fylkeslaga og sentralleddet	Landsrådsmøtet vart gjennomført i Sarpsborg, 16.-18. oktober. Deltakinga på møtet er relativt stabil, men styret ønskjer at alle fylkeslaga deltek, slik landsmøtet har pålagt fylkeslaga. Styret har klare strategiar for å utvikle denne møtestaden vidare, slik at den blir oppfatta som viktig for fylkeslaga.
Alle fylkeslag skal gjennomføre årsmøte kvart år, med auka oppslutnad frå lokallaga.	Dette er ei utfordring som styret er svært bevisst på, men der ein er avhengig av at også fylkeslaga tek tak i utfordringa. Det er ikkje alle fylkeslag som har så mykje aktivitet, men då bør fylkesstyra vere desto meir oppteken av å prøve å samle flest mogleg lokallag til årsmøtet, for å drøfte felles utfordringar. Håpet er at besøksrunden også skal medføre auka kontakt mellom lokallaga og fylkeslaga, slik at lokallaga i større grad sluttar opp om og tek ansvar for sine fylkeslag, der dei ikkje fungerer.

Langtidsplanstrategi 5:

Sikre ungdomslaga som formidlarar av immateriell kulturarv

Ungdomslaga har ei viktig oppgåve i å formidle og utvikle den immaterielle kulturarven i landet. Tradisjonane spesielt innanfor folkedans og amatørteaterarbeid er lange i ungdomslaga, og det må vere ei nasjonal bevisstheit rundt forvaltninga av denne kulturarven.

Mål i arbeidsplanen 2014-2016	Gjennomførte tiltak 2015
NU skal vere ein tydeleg interessepolitisk aktør i samarbeidsorgan og overfor styresmaktene, for å fremje ungdomslaga sin kulturfaglege posisjon.	NU har delteke aktivt i dei ulike paraplyorganisasjonane vi er medlem i, og har delteke på høyringar på Stortinget i ulike saker. Styret vedtok å melde Noregs Ungdomslag ut av Norsk teaterråd i januar 2015, etter lengre tids støy i organisasjonen, utan at det var utsikter til at teaterrådet fekk gjenreist tillit verken i amatørteatermiljøet eller hjå styresmaktene. I 2015 har det spesielt vore arbeidd med å reorganisere samarbeidet på amatørteaterfeltet, og NU har koordinert samarbeidet i Teateralliansen, som er ein ny samarbeidsstruktur for dei landsdekkande organisasjonane Norsk amatørteaterforbund, Frilynt Norge, NU samt samarbeids/paraplyorganisasjonane Studieforbundet kultur og tradisjon og Norsk musikkråd.
NU skal vere den leiande folkedansorganisasjonen i Noreg.	I 2015 har det folkedansfaglege arbeidet i hovudsak retta seg mot arbeidet med å få etablert den nye instruktørmodellen på folkedans. I tillegg er prosjektet "Ny giv" starta opp, som eit prosjekt for barneinstruksjon innan folkedans.
Amatørteatret i NU skal framstå som ein arena for lokal sjølvkjensle, ytringsfridom og mangfald.	I 2015 har det teaterfaglege arbeidet i hovudsak retta seg mot arbeidet med å få etablert den nye instruktørmodellen på teater, samt oppfølging av arbeidet som skjer i regi av Teateralliansen.
NU skal ha eit etablerte og velfungerande samarbeid med andre aktørar som arbeider med bunadsspørsmål, for å tilby gode opplærings- og møtearenaer.	NU har delteke i eit fagleg samarbeid med Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag og Norsk folkedraktforum, om Bunadsopplæringa. NU er representert i styringsgruppa for opplæringa. I samarbeid med Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag, Norsk folkedraktforum og Institutt for bunad og folkedrakt vart det gjennomført fagdagar for bunad på Fagernes i august.

2 Sentrale tilskipingar

Sommarleiren

Sommarleiren 2015 vart arrangert i Porsgrunn med Norskdomslaget i Porsgrunn som lokal arrangør. Dato for leiren var 23.-28. juni. Leiren hadde 72 deltakarar, noko som var under styret sitt mål om 100 deltakarar. Også i år hadde leiren både korte kurs og heildagskurs, og spennvidda på kursa var frå telespringar til improvisert rap.

Strategisk sommarleirutval

Strategisk sommarutval er satt ned av styret, og har som mandat å kome med strategiar og konkrete tiltak for koreleis ein kan auke deltakartalet på Sommarleiren til 220 deltakarar innan 2020.

Strategisk sommarleirutval er samansett av Marit Nerås Krogsæter, Ingeborg Hollekim Bringslid og Lisa Grav Henriksen. Det vart i 2015 gjennomført to møter på våren, og eitt møte på hausten.

Utvalet har arbeidd med å sjå på korleis stoda er i dag med tanke på tal deltakarar og kvar dei kjem frå, samt korleis utviklinga har vore dei siste 6 åra. I tillegg har utvalet sett på liknande organisasjonar og korleis dei organiserer sine leirer slik at vi kan lære av dei. På bakgrunn av dette vart det allereie i samband med sommarleiren 2015 prøvd ut nokre tiltak for å auke påmeldinga og få lag frå nye områder med på leiren. Resultata av det vart evaluerte og teke med vidare inn i utvalet sitt arbeid.

Operativt sommarleirutval

I perioden har vi også hatt eit operativt sommarleirutval som har hatt ansvaret for den praktiske gjennomføringa av sommarleiren saman med administrasjonen og lokalt vertskap. Dei som var med i operativt utval i forkant av leiren i 2015 var Andrea Steen Hernes, Mona Husby, Eirik Michelsen, Ingeborg Hollekim Bringslid og Jacqueline Benedicte Spinnangr.

Instruktør opplæringa

I tråd med målsetjingane i langtidsplanen om å auke opplæringsaktiviteten, vedtok landsmøtet i 2014 at instruktørmodellen skal reviderast, og det er lagt opp til at instruktørkurs skal bli arrangert regionalt. I løpet av 2015 er det utarbeidd nye framlegg til kurspakkar for dans og teater. Desse kurspakkane vart lanserte våren 2016, samstundes som det også blir presentert ein økonomisk modell for samarbeid med fylkeslag.

På dans tenkjer vi at NU skal kunna tilby grunnleggande instruktørkurs innanfor dei sjangrane som lokallaga utøver, om det er folkedans, linedans, swing eller kanskje hip hop. I tillegg vil vi tilby desse kursa:

- Grunnleggande instruktørkurs
- Danseleik for barneinstruktørar
- Juniorinstruktørkurs
- Song til dans
- Turdansrepertoar
- Samdansteknikk
- Runddansrytmer
- Din eigen bygdedans
- Instruktørkurs i koreografi
- Songdans og stordans

Tanken er at instruktørkursmodellen på dans er dynamisk der vi også opnar opp for andre kurs ved behov og etterspurnad.

På teater er modellen bygd opp med eit grunnleggande kurs i regi, som alle må delta på for å kunne gå vidare på eitt av sjangerkursa. Lang/relevant erfaring kan kompensere for det grunnleggande kurset. Sjangerkursa er følgjande:

- Instruktørkurs i vaksenteater
- Instruktørkurs i barne- og ungdomsteater
- Instruktørkurs i musikal
- Instruktørkurs i revy
- Instruktørkurs i komedie/farse
- Instruktørkurs i impro

Kven Veit? og Junior Kven Veit?

Kven Veit? er ei landsomfattande kunnskapstevling for alle over 14 år. Det vert også skipa til Junior Kven Veit? der målgruppa er personar under 14 år. I 2015 var temaet for tevlinga Levande lokalkultur

I 2015 vart administrasjon av tevlinga set ut til kontoret til Huset i Bygda Sogn og Fjordane. Det var gjort ei evaluering av samarbeidet, noko som vil gje grunnlag for gjennomføring av tevlinga i 2016.

Det deltok 59 lag frå 29 medlemslag. i seniorklassa. I juniorklassa deltok 5 grupper frå 4 medlemslag. Vinnar i seniorklassen var Røstkvrevet UL og vinnar av juniorklassen var Fjelli UL.

Nordlek

Nordlek vart arrangert i Viborg i Danmark 13. til 19. juli 2015. Frå Noreg var det 261 deltakarar, og nokre av laga som reiste frå Noreg i år var fyrstegangsreisande. Nordlek er eit stort arrangement med mange danse- og musikkhendingar. Arrangementet krev også stor dugnadsinnsats både frå arrangørland og dei andre landa. Organiseringa med at dei einskilde landa skal finna instruktørar og musikarar som skal stilla opp som kurshaldarar gratis er utfordrande, og kjem ikkje til å bli mindre utfordrande i framtida. Frå Noreg

er det særskilt vanskeleg å rekruttera musikarar til arrangementet, og NU sentralt hadde i år med seg Benjamin Kehlet som stemnespelemann. Det er ei utfordring framover å tenke ut korleis Nordlek skal rekruttera fleire unge. Det norske Nordlek-utvalet var samansett av Torbjørn Lauen, Anne Marie Nerby og Torunn Hernes Bjerkem, i tillegg til Nina Byttingsmyr som kom inn på slutten av året.

Nasjonale prosjekt

I løpet av året har NU fått tilskot til to ulike prosjekt frå Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU). Det eine prosjektet er *Ny giv*, som er eit forprosjekt for ei ny satsing på instruktørarbeidet i Noregs Ungdomslag. Utifrå dette prosjektet er det laga nye kurspakkar og gjennomført barneinstruktørkurs i Hordaland, der deltakarar som var under 26 år kunne søkje om reisestøtte. I Ny giv-prosjektet ligg det også ei satsing på å gje nokre få instruktørar sjanse til å fylgja ein pedagog/instruktør som dei ser opp til. Vi valde å kalla dette for meisterinstruktør og meisterelev. Dei som er med på prosjektet er Silja Solvang og Maria Skjeldrum Toppe som fylgjer Vegar Vårdal, i tillegg til Jon Bugge Mariussen som fylgjer Martin Myhr. Prosjektet vart satt i gang hausten 2015 og varar ut våren 2016. Gjennom prosjektet håpar vi å bygga instruktørar for framtida!

Det andre prosjektet vi fekk støtte til er *Folkepedia*. Folkepedia er samansett av *folke* som viser til folkedans/folkemusikk, *ped* som viser til pedagogikk, eller *pedia* som viser til Wikipedia. Folkepedia er tanken om eit dansepedagogisk oppslagsverk for folkedans og eit rammeverk for å tilby gode didaktiske opplegg på folkedans. Vi ser for oss at dette er noko som både ungdomslag, skular og kulturskular skal kunna arbeida med. I fyrste omgang er Folkepedia eit forprosjekt, og at vi med dette prosjektet testar ut ulike konsept som vil gjera det enklare å pengar tileit hovudprosjekt i neste omgang. Dette forprosjektet har fokus på opplegg som passer dei yngste i organisasjonen. Prosjektet starta opp i november 2015, men størstedelen av arbeidet vert lagt til 2016.

3 Informasjonsarbeid og interessepolitikk

Informasjonsarbeid

Noregs Ungdomslag sine viktigaste informasjonskanalar er medlemsbladet Ungdom, nettsidene ungdomslag.no og sommarleiren.no, samt elektroniske nyheitsbrev til lokallaga.

Medlemsbladet Ungdom har hatt eit opplag på opptil 6.500 eksemplar per utgåve, og kom ut med fire utgåver i 2015. Opplagstalet varierer noko etter kor mange medlemmer laga har registrert i medlemsregisteret. Det er arbeid vidare med å utvikle bladet, særleg med utvalet av saker. Fleire medlemmer, lokallag og tillitsvalde har levert bidrag til medlemsbladet. Elektroniske utgåver har vorte lagt ut på issuu.com/noregsungdomslag

Samarbeidet med Norsk Barneblad har halde fram, der alle barnemedlemmer i NU får tilsendt Norsk Barneblad fire gongar i året, i staden for å få tilsendt medlemsbladet Ungdom. I bladet er fire sider sett av til våre nyheiter og saker. Samarbeidet med barnebladet og redaktør Nana Rise-Lynum har også i 2015 vore godt. Opplagstalet varierer med kor mange barnemedlemmer som til ei kvar tid er innmeldt, men ligg rundt 2000.

Ungdomslagsnytt er eit elektronisk nyheitsbrev som blir sendt til styra i lokallaga og fylkeslaga. Nyheitsbrevet kjem ut 4-8 gongar per år, avhengig av informasjonsbehovet. Her blir laga orientert om viktige søknadsfristar og andre saker som er relevant for dei tillitsvalde i laga.

Noregs Ungdomslag har i tillegg nytta seg av ulike sosiale media.

- [Facebook.com](http://facebook.com) blir brukt til å formidle saker frå nettsidene, i tillegg til at det blir lagt ut bilete frå arrangement og anna relevant informasjon til tilhengarane. Sommarleiren har eigne facebooksider der ein kan føre dialog med medlemmar og kome med meir spissa informasjon. I 2015 fekk NU 20% fleire følgjarar på facebook.

- Biledelingstenesta instagram.com blir brukt til å dele meir kuriøse bilete frå arkivet og/eller aktivitetar. I 2015 fekk NU 68 % fleire følgjarar på Instagram.
- Bilete frå aktivitet/større arrangement blir lagt på Flickr.com.
- Videoar som vert produsert vert lagt ut eigen kanal på vimeo.com
- NU har og brukarkonto på mikrobloggerløyninga twitter.com.
- NU brukar emneknaggen #levandelokalkultur. I 2015 vart alle innlegg på instagram og twitter merkt med dette.

Interessepolitikk

I 2015 har styret særleg brukt ressursar på det interessepolitiske samarbeidet mellom amatørteaterorganisasjonane. *Teateralliansen* vart først etablert som eit kulturpolitisk samarbeid, men frå desember 2015 har dette vore ein formell organisasjon, utan tilsett-ressursar.

Teateralliansen fekk tildelt 3,6 millionar kroner til felles amatørteateriltak frå Kulturdepartementet, og NU har koordinert og administrert dette arbeidet. I tillegg fekk Teateralliansen 1 million kroner til eit utgreiingsarbeid for å få etablert ein felles paraplyorganisasjon for kulturfrivilligheita, som har arbeidsnamnet *Kulturalliansen*. Dette arbeidet er også koordinert av NU, men prosjektet har midlar til å engasjere ein eigen utgreiar. Det overordna målet med prosjektet, er å skape kulturen sitt svar på det Norges Idrettsforbund er for idretten i Noreg. Styret i NU har stor tru på at ein kulturparaply vil kunne løfte det lokale kulturarbeidet, og vere ein premissleverandør for den statlege kulturpolitikken. Etter planen vil Kulturalliansen bli etablert i løpet av 2016.

NU samarbeider også med andre organisasjonar på feltet om interessepolitikk og dreg i lag med andre organisasjonar der vi kan, og har vore representert på møte i både Frivillighet Norge, Vaksenopplæringsforbundet og andre organisasjonar som arbeider for ulike interessepolitiske saker. Vi har og konstruktivt samarbeid med andre einskildorganisasjonar på utvalde felt.

Medieoppslag

Lokallaga har hatt godt med oppslag i lokalavisene i året som gjekk. Fleire kulturprisar, både frå kommune og fylkeskommune, har vorte utdelt til sentrale personar i ungdomslaga. Det vart i 2015 og arbeid opp mot pressa knytt til temaet om momskompensasjon for organisasjonseigde kulturhus. Etter kommune- og fylkestingsval hausten 2015 vart det send ut ein kronikk underskriven av styreleiaren med overskrifta “ Etter valet – kva med ungdomshusa?” Denne sto på prent i Nationen, Gudbrandsdølen, Dagningen, Valdres, Driva, Dagen, Sogn Avis, Agderposten, Romsdals budstikke, Rogaland avis, Bygdanytt og Fjordabladet (12 aviser), og vart og delt på sosiale medier.

4 Medlemer, lokallag og fylkeslag

Dokumentasjon av aktivitet og medlemstal i lokallaga er eit særskilt viktig arbeid. Tala dannar grunnlaget for tilskot til drift, kurs og tiltak initiert av sentralledet både til barne- og ungdomsarbeid frå Barne- og Likestillingsdepartementet og for teaterarbeid frå Kulturdepartementet. Tal medlemslag og medlemmer avgjer også kor mykje NU får til fordeling av frifondmidlar. Laga sine årsrapportar dannar grunnlag for denne statistikken.

Aktiviteten og tilboda er ulike frå lag til lag. Folkedans, teater, diskotek og barne- og ungdomsklubb er dei største aktivitetane i laga. 180 av laga har eige hus og 65 av laga eig part i eit hus. Medlemmene legg kvart år ned fleire hundre årsverk i dugnadarbeid.

Fylkeslaga

Ved utgangen av 2015 var 22 fylkeslag tilknytt Noregs Ungdomslag, Romsdal Ungdomssamlag vart i 2015 lagt ned og Nordmøre og Romsdal Ungdomslag vart etablert som nytt fylkeslag. I tre av fylkeslaga har det ikkje vore aktivitet.

NU sitt årsmøte vedtok i 2009 eit sett minimumsoppgåver for fylkeslaga, for å definere meir deira rolle i organisasjonen:

- Gjennomføre eige årsmøte
- Delta på NU sitt landsmøte og landsrådsmøte
- Sende årsrapport til NU, samt årsmelding og rekneskap for fylkeslaget, innan fastsette fristar.
- Melde inn kontingentsats til NU, innan fastsette fristar.
- Andre oppgåver som til ei kvar tid følgjer av lova til NU.

Trass i dette vedtaket, er det ikkje alle fylkeslag som møter på landsmøtet og landsrådsmøtet, slik dei er pålagt å gjere. Dei fleste sender årsrapport.

Lokallaga

Ved utgangen av 2015 var det 350 registrerte aktive lag i organisasjonen. I tillegg er det registrert 70 lag med status inaktiv.

Ungdomslaget Aasmund Vinje i Telemark gjorde 2. gongs vedtak om utmelding i 2015.

Medlemene

Det er totalt 13.068 personer som er registrert som medlemmer i Noregs Ungdomslag i 2015, pr 11.3.2016.

→ Dette er ei auke på 99 medlemmer frå 2014.

Av det totale medlemstalet var 4.902 medlemmer under 26 år.

→ Dette er ein nedgang på 164 medlemmer frå 2014.

Utvikling samla medlemstal dei siste fem åra:

	2011	2012	2013	2014	2015
Under 26 år	5.215	5.143	5.042	5.070	4.902
Over 26 år	8.928	8.407	8.122	7.899	8.166
Sum	14.143	13.550	13.164	12.969	13.068

Tal lag og medlemmer per 31.12.2015 fordelt etter fylkeslag

(opplysninger benta frå Hypersys 11.3.2016):

Fylkeslag	Tal lokallag		Tal medlemmer		
	Inaktive	Aktive	0-25	26-95	Totalt
Aust-Agder Ungdomslag	1	13	297	412	709
Bygdelagssamskipnaden	0	18	424	833	1 257
Eidsiva Fylkeslag	0	3	33	126	159
Finnmark Ungdomslag	0	2	0	13	13
Fylkeslaget Varden	0	6	5	93	98
Hordaland Ungdomslag	17	48	701	1 304	2 005
Hålogaland Ungdomslag	0	10	92	226	318
Inntrøndelag USL	6	21	254	266	520
Naumdøla Ungdomslag	4	10	123	88	211
Nordland Ungdomsfylking	3	11	69	297	366
Nordmøre og Romsdal UL	3	25	440	584	1 024
Oppland Ungdomslag	2	12	62	163	225
Rogaland Ungdomslag	1	14	220	466	686
Sogn og Fjordane UL	10	40	516	690	1 206
Sunnmøre Frilynde USL	3	30	486	466	952
Sør-Trøndelag UL	1	10	229	200	429
Telemark Ungdomslag	4	11	137	204	341
Troms Ungdomsfylking	2	18	317	530	847
Valdres Ungdomslag	4	5	68	81	149
Vest-Agder Ungdomslag	2	20	292	641	933
Østerdal Ungdomslag	2	4	14	73	87
Direkteinnmeldte lag	5	19	122	405	527
Direkte-medlemmer	-	-	1	5	6
Totalt	70	350	4 902	8 166	13 068

Utvikling i medlemstalet 2013-2015 fordelt etter fylkeslag

(opplysninger benta frå Hypersys 11.3.2016):

Fylkeslag	Medlemstal			Endring	
	2013	2014	2015	14-15	14-15%
Aust-Agder Ungdomslag	650	739	709	-30	- 4,06
Bygdelagssamskipnaden	1 364	1 290	1 257	-33	- 2,56
Eidsiva Fylkeslag	153	156	159	3	1,92
Finnmark Ungdomslag	29	13	13	0	-
Fylkeslaget Varden	78	86	98	12	13,95
Hordaland Ungdomslag	1 753	1 771	2 005	234	13,21
Hålogaland Ungdomslag	272	258	318	60	23,26
Inntrøndelag USL	710	575	520	-55	- 9,57
Naumdøla Ungdomslag	302	232	211	-21	- 9,05
Nordland Ungdomsfylking	413	428	366	-62	- 14,49
Nordmøre og Romsdal UL	985	1 033	1 024	-9	- 0,87
Oppland Ungdomslag	209	203	225	22	10,84
Rogaland Ungdomslag	684	660	686	26	3,94
Sogn og Fjordane UL	1 220	1 244	1 206	-38	- 3,05
Sunnmøre Frilynde USL	951	952	952	0	-
Sør-Trøndelag UL	391	411	429	18	4,38
Telemark Ungdomslag	414	427	341	-86	- 20,14
Troms Ungdomsfylking	871	826	847	21	2,54
Valdres Ungdomslag	148	147	149	2	1,36
Vest-Agder Ungdomslag	902	916	933	17	1,86
Østerdal Ungdomslag	115	106	87	-19	- 17,92
Direkteinnmeldte lag	534	483	527	44	9,11
Direkte-medlemmer		13	6	-7	- 53,85
Totalt	13 164	12 969	13 068	99	0,76

Besøksrunden

Målet med besøksrunden er å treffe alle lokallag til NU i løpet av ein periode på fire år, noko som vil seie at dei siste laga i runden vert besøkt i 2018. I 2014 vart laga i Møre og Romsdal, Telemark, Oppland og Hedmark besøkt. I 2015 gjekk turen til Aust-Agder, Nord-Trøndelag, Sogn og Fjordane, Rogaland og Buskerud. Besøka vart gjennomført i eit samarbeid med fylkeslaga, i dei områda det finst fylkeslag, og som hovudregel er det med ein styremedlem og ein tilsett frå NU på desse besøka.

Besøka vart gjennomført i følgjande periodar:

Aust-Agder Ungdomslag	22. – 26. mars (Krogsæter, Nordås)
Inn-Trøndelag Ungdomssamlag	7. - 14. april (Ims, Nekstad)
Sogn og Fjordane Ungdomslag:	18. mai (Kleiveland, Redalen)
Naumdøla Ungdomslag:	15. - 18. september (Nekstad)
Buskerud (utan fylkeslag):	28. oktober, 2. og 9. november (Strandbakke, Nordås)
Rogaland Ungdomslag:	16. – 18. november (Ims, Nordås)
Sogn og Fjordane Ungdomslag:	24. november – 4. desember (Kleiveland, Mjelde, Krogsæter, Nordås)

5 Ungdomshus og lagsbruk

Mange av lokal- og fylkeslaga i NU eig eller har part i lagshus, og nokre av laga driv også forretningsverksemd. Husa og delar av inventaret er av stor kulturell verdi, både for lokalsamfunna og for organisasjonen.

Digital husdatabase

Dei siste åra har det vore forsøkt å samla teknisk informasjon og bilete av alle ungdomshusa i organisasjonen, gjennom ei elektronisk kartlegging av husa. Det er ikkje alle lag som har respondert på kartlegginga, men dei fleste ungdomshusa er no enkelt presentert under nettadressa ungdomshus.ungdomslag.no. Denne sida vil bli teknisk vidareutvikla dei komande åra, og ikkje minst vil også innhaldet kunne utviklast etter kvart som laga ser kva informasjon som ligg ute på eigne ungdomshus. Styret ønskjer med denne sida å løfte fram og synleggjere dei mange ungdomshusa i organisasjonen.

NU-kulturformidling

Styret har arbeidd med konkrete planar for å gjere dei 250 ungdomshusa i organisasjonen til eit landsdekkande turnehus-nettverk, koordinert av ein sentral infrastruktur. Dette gjer at styret har sett i gang eit forprosjekt for *NU kulturformidling*. Målet med hovudprosjektet er å formidle varierte, profesjonelle kulturinnslag over heile landet, gjennom å ta i bruk ungdomshusa våre som ei landsdekkande turnescene.

Hausten 2015 vart det lyst eit prosjektleiarstilling i 50% for ein forprosjektperiode på eitt år. Målet med forprosjektet er å få på plass denne infrastrukturen, med sikte på at hovudprosjektet kan starte hausten 2016.

Lagsbruk

Etter at Norske kulturbygg vart lagt ned i 2012, fekk NU overført ansvaret for å administrere eit dokumentasjonsprosjekt om lagsbruksdrifta i Noregs Ungdomslag og Noregs Mållag. Eit forprosjekt, finanisert av Norsk kulturråd, vart avslutta i januar 2014, og styret har sidan då hatt planar om å gå vidare med eit hovudprosjekt, med ønskje om å formidle dokumentasjonen om lagsbruksdrifta.

For nokre år sidan arva Noregs Ungdomslag ein del midlar frå Kåre Kolås, der føremålet med arven var å støtte produksjonen av ei bok om lagsbruka.

Hovudprosjektet blei starta opp i 2015, finansiert av denne arven. Nils Seland er engasjert som hovudforfattar, og målet er å ferdigstille hovudprosjektet i løpet av 2016.

6 Opplæringsarbeidet

Studieforbundet kultur og tradisjon

Studieforbundet kultur og tradisjon er ungdomslaga sitt studieforbund. I tillegg til å legge til rette for og formidle støtte til opplæring i organisasjonen, er studieforbundet ein pådrivar for utviklingsarbeid innanfor fleire fagfelt, og driv høgare utdanning og interessepolitisk arbeid innanfor feltet opplæring i frivillige organisasjonar.

Det blei gjennomført 475 kurs med 14 923 studietimar i Noregs Ungdomslag i 2015, noko som medførte at laga fekk tildelt totalt kr 1 256 389. Dette er ein nedgang på 2089 timar og 80 kurs frå 2014. Det samla tilskotet er redusert med kr 73 260 i høve til 2014.

Bunadsopplæringa

Bunadsopplæringa som er eit samarbeid mellom Studieforbundet kultur og tradisjon, Norges Husflidslag og Noregs Ungdomslag, starta hausten 2007. I 2015 sat Eli Ulvestad i styringsgruppa for opplæringa for NU.

Norsk folkeleg dans

Vidareutdanningskurset Norsk folkeleg dans er eit samarbeid mellom NTNU VIDERE, Studieforbundet kultur og tradisjon og NU. Dette kurset er for deltakarar som vil arbeide med dansekvalitet i den folkelege dansen, og gjev 15 studiepoeng.

NU har vore med og administrert dette studiet i 2015 og har mellom anna hatt hovudansvar for praktisk gjennomføring på dei fire samlingane. Også i år har samlingane vore lagt i Oslo. Det er 12 deltakarar på studiet.

Tilskot til opplæringsaktivitet gjennom Studieforbundet i 2015

<i>Fylkeslag</i>	<i>Kurs</i>	<i>Deltakarar</i>	<i>Kurstimar</i>	<i>Tilskot</i>
Aust-Agder Ungdomslag	27	333	913	75 530
Bygdelagssamskipnaden	30	400	793	70 460
Eidsiva Fylkeslag	15	98	427	32 125
Finnmark Ungdomslag	6	32	216	19 485
Fylkeslaget Varden	8	91	220	19 800
Hordaland Ungdomslag	68	590	2 000	173 225
Hålogaland Ungdomslag	5	55	175	9 275
Inntrøndelag Ungdomssamlag	22	142	1210	95 125
Naumdøla Ungdomslag				
Nordland Ungdomsfylking	38	334	758	60 365
Nordmøre og Romsdal UL	42	272	1 349	114 430
Oppland Ungdomslag	7	75	212	18 804
Rogaland Ungdomslag	31	264	955	80 885
Sogn og Fjordane Ungdomslag	35	308	1 136	100 550
Sunnmøre Frilynte Ungdomssamlag	15	190	771	63 895
Sør-Trøndelag Ungdomslag	14	93	918	81 970
Telemark Ungdomslag	20	249	492	43 660
Troms Ungdomsfylking	35	232	878	71 110
Valdres Ungdomslag	3	28	162	9 060
Vest-Agder Ungdomslag	19	174	412	36 280
Østerdal Ungdomslag	2	26	69	6 210
Laga i Buskerud	5	91	230	18 035
Laga i Vestfold	26	365	602	53 860
Noregs Ungdomslag sentralt	2	31	25	2 250
SUM	475	4 473	14 923	1 256 389

7 Tilskot og økonomi

Noregs Ungdomslag har ein samansett økonomi, finansiert av medlemskontingent, ulike deltakaravgifter, og offentlege drifts- og prosjektmidlar. NU forvaltar Frifondmidlar som laga kan søkje på, og søker også om momskompensasjonsmidlar på vegne av lokal- og fylkeslaga. Organisasjonen er godkjend som mottakar av skattefrie gåver.

Driftstilskot

Generelt driftstilskot

Noregs Ungdomslag mottok eit generelt statstilskot over Kulturdepartementet sitt budsjett, der føremålet er å støtte arbeidet vårt med å skape engasjement og levande lokalmiljø. I 2014 mottok NU kr 1.056.000. Dette er ein auke på kr 33.000 i høve til året før, tilsvarande indeksregulering.

Barne- og ungdomsarbeid

Noregs Ungdomslag mottok i 2015 kr. 1.154.149 i tilskot frå Barne- og likestillingsdepartementet til barne- og ungdomsarbeidet. Dette er ein reduksjon på kr 14.937 i høve til 2014. Tilskotet er utrekna etter tal medlemmer under 26 år og tal lokallag med minst 5 medlemmer under 26 år.

Teaterarbeid

Noregs Ungdomslag har tradisjonelt fått statsstønad til teaterarbeidet gjennom paraplyen Norsk teaterråd. Kulturdepartementet avgjorde i 2014 at teaterrådet mista forvaltningsansvaret for driftsstøtta, og i 2015 blei denne difor betalt ut frå Norsk kulturråd. I 2015 fekk NU tildelt kr 696.000, ei auke på kr 16.000 i høve til 2015.

Kompetansehevingstilskot

NU fekk i 2015 tildelt kr 160.800 frå Studieforbundet kultur og tradisjon til kompetanseheving, ein reduksjon på kr 4.960 frå 2014. Tilskotet er utrekna etter totalt studietimetall i organisasjonen.

Prosjektstilskot

Mykje av arbeidet er finansiert heilt eller delvis av prosjektmidlar og eksterne tilskot. Kvart år sender vi søknader til ulike instansar for å finansiere aktivitet og prosjekt innanfor ulike fagområde.

Oversyn over prosjektmidlar og andre tilskot til Noregs Ungdomslag, 2015:

Frå	Føremål	Tilskot
Skien Kommune	Sommarleiren	10 000
Rådet for folkemusikk og folkedans	Sommarleiren	30 000
Extrastiftelsen	Adm. tilskot UL Fram	20 000
Extrastiftelsen	Adm. tilskot Bergen UL Ervingen	30 000
Extrastiftelsen	Adm. tilskot Leikanger UL	50 000
LNU	Ny giv (barneinstruktørar)	85 000
Kulturdepartementet	Utgreiing, Kulturalliansen (på vegne av Teateralliansen)	1 000 000
Kulturdepartementet	Felles amatørteatertiltak (på vegne av Teateralliansen)	3 600 000
SUM		4 825 000

Tilskot til laga utbetalt av sentralledet

Momskompensasjon

Noregs Ungdomslag får som ein av mange frivillige momskompensasjon gjennom Lotteri- og stiftelsestilsynet. Noregs Ungdomslag søker om kompensasjon etter såkalla forenkla modell. Det blir søkt om kompensasjon på vegne av alle lokal- og fylkeslag, og NU får eit tilsagn som skal fordelast vidare mellom dei laga som har sendt inn søknad.

NU fekk tildelt i alt kr 3.588.077 i momskompensasjon for grunnlagsåret 2014. Dette var ei auke på kr. 104.427 frå året før. Kr 3.099.017 av dette blei fordelt til lokal- og fylkeslag som hadde sendt inn krav. Avkortinga vart på 21,72%, året før var det ei avkorting på 17%. Det resterande beløpet gjekk til å dekke sentralledet sine momsutgifter, inkludert 1% av det samla tilsagnet, som gjekk til administrasjon av ordninga.

Frifond

Frifond er ei støtteordning, i hovudsak finansiert av overskotet frå Norsk Tipping, som skal betre dei økonomiske rammetilhøva for demokratisk og medlemsbasert aktivitet i lokale og frivillige organisasjonar. Støtta går til kulturaktivitet for barn og unge under 26 år.

Organisasjonane får frifondmidlar basert på tal lag med minst 5 medlemmer under 26 år og tal medlemmer under 26 år i desse laga. Laga må dokumentere at dei har medlemmer under 26 år og dei må ha sendt inn årsrapport for føregående år for å få tildelt Frifondmidlar.

Noregs Ungdomslag fekk i 2015 tildelt kr. 1 751 804 i Frifondmidlar. Dette var kr. 73 774 mindre enn året før. Av desse midlane har sentralledet nytta 5% til administrasjon av ordninga.

Tilskotet har blitt tildelt til laga med eit fast grunntilskot på kr 4.000 og eit variabelt tilskot utrekna etter tal medlemmer under 26 år. Laga kunne i tillegg

søkje om prosjekttilskot til teateraktivitet for barn og unge. Lag som hadde færre enn 5 medlemmer under 26 år kunne søkje om oppstartstøtte på kr 4.000.

I 2015 var det 141 lag som søkte og fekk tildelt ordinært frifondtilskot, og 6 lag som søkte og fekk tildelt oppstartstilskot. Til samanlikning var det tilsaman 134 lag som fekk frifondtilskot i 2014.

<i>Fylke</i>	<i>Tilskot 2015</i>	<i>Tal lag 2015</i>	<i>Tilskot 2014</i>	<i>Tal lag 2014</i>
Finmark	0	0	0	0
Troms	114 428	10	110 548	7
Nordland	61 140	5	61 157	5
Nord-Trøndelag	136 558	9	156 553	10
Sør-Trøndelag	105 264	7	87 353	6
Møre og Romsdal	356 120	35	398 889	33
Sogn og Fjordane	212 582	18	210 811	17
Hordaland	271 590	19	226 986	17
Rogaland	106 032	8	73 903	6
Vest-Agder	98 322	10	100 326	8
Aust-Agder	122 656	8	99 692	7
Telemark	55 036	4	61 764	5
Vestfold	0	0	0	0
Buskerud	29 908	4	35 906	4
Oppland	64 246	6	14 491	4
Hedmark	7 146	0	8 842	1
Oslo	14 050	2	14 491	1
Akershus	5 452	1	22 326	2
Østfold	11 744	1	13 146	1
Sum til laga	1 772 274	147	1 697 184	134

8 Styringsstrukturen

Landsmøtet

Landsmøtet blei halde på Quality Hotell, Oslo, 18. – 19. april. Det deltok 75 utsendingar med røysterett på landsmøtet, inkludert styret. I tillegg deltok fire frå administrasjonen. Ein hadde helsingar frå Studieforbundet kultur og tradisjon, FolkOrg, Rådet for folkemusikk og folkedans, Sentret for folkemusikk og folkedans, Norsk barneblad og Norges Bygdeungdomslag.

Styreleiar Endre Kleiveland opna landsmøtet.

Desse sakene blei handsama i tillegg til ordinære landsmøtesaker:

- Norsk amatørteaterfestival
- Folkedansfestivalen

Følgjande fråsegner blei vedteke av landsmøtet:

- Ei utviding av momskompensasjonsordninga er overmoden
- Noregs Ungdomslag skapar levande lokalmiljø
- Demokrati for eliten
- Meir mangfald i laga

Utsendingar fylkesvis

<i>Fylkeslag</i>	<i>Tal</i>
Aust-Agder Ungdomslag	9
Bygdelagssamskipnaden	4
Eidsiva Fylkeslag	4
Finnmark Ungdomslag	1
Fylkeslaget Varden	0
Hordaland Ungdomslag	5
Hålogaland Ungdomslag	0
Inntrøndelag Ungdomssamlag	0
Naumdøla Ungdomslag	1
Nordland Ungdomsfylking	5
Nordmøre og Romsdal Ungdomslag	4
Oppland Ungdomslag	5
Rogaland Ungdomslag	6
Sogn og Fjordane Ungdomslag	2
Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag	4
Sør-Trøndelag Ungdomslag	4
Telemark Ungdomslag	5
Troms Ungdomsfylking	7
Valdres Ungdomslag	0
Vest-Agder Ungdomslag	7
Østerdal Ungdomslag	0
Direkteinnmeldte lag	2
Styret	8
Til saman	83

Landsrådet

Landsrådet er samansett av leiarane i fylkeslaga og styret i Noregs Ungdomslag, og er ein viktig møteplass i organisasjonen. I 2015 blei landsrådsmøtet halde 16. – 18. oktober i Sarpsborg i samband med 100 års-jubileumet til BUL Sarpsborg. Eidsiva fylkeslag var vertar.

Det deltok 16 personar frå 12 fylkeslag i tillegg til 5 frå styret og 4 frå administrasjonen. I tillegg deltok valnemnda på delar av møtet.

Saker på saklista var:

- Aktuelle prosjekt/satsingar i fylkeslaga
- Fylkeslaga si oppfølging av besøksrunden
- Utvikling av Sommarleiren
- Nedsetjing av arbeidsgruppe for sentrale arrangement
- Teaterinstruktør-opplæringa
- Landsmøtet

Heidersmedlemer

Ola Norman Strand blei utnemnd til heidersmedlem i 2005. Ola var tilsett i NU som teaterrettleiar og seinare som organisasjonssekretær. Han reiste mykje rundt i landet og mange i NU knyter teaterarbeidet til Ola Norman. Ola Norman døydde hausten 2015.

Gunnar Rødal vart utnemnt til heidersmedlem i 2001. Gunnar var tilsett i 35 år som reiseinstruktør innan folkedans, og har gjennom eit langt liv lagt ned ein stor innsats både for norsk folkemusikk og folkedans og NU.

Styret

Styret fram til landsmøtet:

Leiar:	Endre Kleiveland, Hordaland Ungdomslag
Politisk nestleiar:	Kine Reiersen, Oppland Ungdomslag
Org. nestleiar:	Morten Nilsen, Nordland Ungdomsfylking
Styremedlemmer:	Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden Rita Sirirud Strandbakke, Oppland Ungdomslag Håvard Ims, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag Marit Nerås Krogsæter, Sunnmøre fril. Ungd.samlag
1. vara	Ingeborg Hollekim Bringslid, Hordaland Ungdomslag
2. vara	Fredric J. Nygård, Eidsiva fylkeslag
3. vara	Arve Hornnes, Sogn og Fjordane Ungdomslag

Styret etter landsmøtet:

Leiar:	Endre Kleiveland, Hordaland Ungdomslag
Politisk nestleiar:	Kine Reiersen, Oppland Ungdomslag
Org. nestleiar:	Marit Nerås Krogsæter, Sunnmøre fril. Ungd.samlag
Styremedlemmer:	Rita Sirirud Strandbakke, Oppland Ungdomslag Håvard Ims, Inn-Trøndelag Ungdomssamlag Morten Nilsen, Nordland Ungdomsfylking Tone Mjelde, Hordaland Ungdomslag
1. vara	Ingeborg Hollekim Bringslid, Hordaland Ungdomslag
2. vara	Fredric J. Nygård, Eidsiva fylkeslag
3. vara	Marie Nicolaisen, Bygdelagssamskipnaden

Styret har hatt 8 møte. 2 av møta har vore halde som telefonmøter. Styret har handsama 112 saker. I tillegg er 1 sak handsama på e-post.

Styreleiar har hatt eit honorar på 30% av generalsekretærløn. Det blir utbetalt honorar til styremedlemmene for deltaking på styremøta.

Valnemnd

Fram til landsmøtet:

Leiar: Kristian Fjellanger
Medlemmar Evelyn Laupstad, Troms Ungdomsfylking
Eirin Stave Samuelsen, Vest-Agder Ungdomslag
Terje Svindseth, Bygdelagssamskipnaden
Lise K. Meling, Rogaland Ungdomslag
Vara: Geir Kåre Sandnes, Romsdal Ungdomslag
Øystein Rambjørg, Hordaland Ungdomslag
Trine M. Sjølyst, Bygdelagssamskipnaden.

Etter landsmøtet:

Leiar: Evelyn Laupstad, Troms Ungdomsfylking
Medlemmar Eirin Stave Samuelsen, Vest-Agder Ungdomslag
Terje Svindseth, Bygdelagssamskipnaden
Cecilie Rørstad, Sunnmøre frilynde Ungdomssamlag
Tone Ingvaldsen, Nordland Ungdomsfylking
Vara: Oddgeir Løvold, Nordmøre og Romsdal Ungdomslag
Roy Sævik, Sogn og Fjordane Ungdomslag
Jostein Apeland, Rogaland Ungdomslag

Utval nedsett av styret

Strategisk utval, for sommarleirane 2015-2017

Lisa Grav Henriksen, Marit Nerås Krogsæter og Ingeborg Hollekim
Bringslid.

Nasjonalt nordlek-utval

Torunn Bjerkem, Anne-Marie Nerby, Gunn Inger Sture og Torbjørn Lauen.

Utval for ny instruktøropplæringsmodell, folkedans

Anette Figenschou, Mette Vårdal og Halldis Folkedal

Utval for ny instruktøropplæringsmodell, teater

Marie Nicolaisen, Jostein Apeland, Morten Rudå og Åshild Mjelde Nordås.

9 Administrasjonen

Generalsekretæren

Eli Ulvestad er no er inne i sin andre åremålsperiode som generalsekretær. Kvart åremål varer i 4 år, og gjeldande åremål er inngått til 30. mai 2017.

Andre tilsette

Kulturrådgjevar, teater

Åshild Mjelde Nordås

Kulturrådgjevar, folkedans

Halldis Folkedal

Informasjonsrådgjevar

Andreas Løken (sjukmeldt, slutta juli)

Guro Redalen (vikar, fast tilsett frå juli)

Organisasjonskonsulent

Alf Steinar Nekstad

Prosjektleiar, NU kulturformidling

Anne-Marte Før, 50% stilling frå 1.11.2015

Prosjektleiar Huset i Bygda Hordaland

Hanna Hekkelstrand 40% stilling frå 1.1.2015.

NU har kjøpt rekneskapstenester frå Bokholderi AS.

Kontorlokala

Noregs Ungdomslag har hatt kontorlokale i Tollbugata 17 i Oslo sentrum sidan 2005. I mai 2015 flytta NU til Øvre Slottsgate 2B, der vi framleiger kontorlokale frå Norges kulturvernforbund. Mange av dei nasjonale kulturvernorganisasjonane er samla i bygget. Bygget er eigd av eigedomsfirmaet Opulens.

10 Samarbeidsorganisasjonar og representasjon

Samarbeidsorganisasjonar

Av-og-til

Av-og-til er ein kampanje som kom i stand for å redusere alkoholforbruket i Noreg, og NU har vore med frå starten.

CIOFF-Norge

CIOFF er ein internasjonal kulturell privat organisasjon (NGO) i formelle rådgivande kontakt med UNESCO. Oppretta i 1970, har som formål å ta vare på bevaring, marknadsføring og formidling av tradisjonell kultur og folklore. NU administrerer Cioff Noreg, og formidlar informasjon til lag i NU og FolkOrg.

Det Norske Samlaget

Samlaget er eit stort nynorsk forlag og ein viktig kulturinstitusjon. Dei har mellom anna gjeve ut mange bøker som NU har for sal, særleg innan folkedans.

Det Norske Teatret

Noregs Ungdomslag er ein av luteigarane til Det Norske Teatret. Viktige samarbeidssaker er Norsk Amatørteaterfestival og Den Mangfaldige Scenen. Teatret har eit målpolitisk råd som skal gje råd om målbruken ved teatret og andre kulturpolitiske emne som rådet sjølv tek opp. Eli Ulvestad har vore leiar i rådet. Endre Kleiveland representerte NU i valnemnda.

FN-sambandet

Noregs Ungdomslag er medlem i FN-sambandet, saman med rundt 50 andre organisasjonar. NU har ikkje vore aktiv på arenaer i FN-sambandet i 2015.

Frivillighet Norge

Frivillighet Norge er eit koordinerande organ for arbeidet frivillige organisasjonar gjer i forhold til offentlege utgreiingar og prosjekt. Organisasjonen har 282 medlemsorganisasjonar. Eli Ulvestad blei valt som vara til styret på årsmøtet i 2015.

Hovudorganisasjonen Virke

NU er medlem av denne arbeidsgjevarorganisasjonen og har nytta nokre av Virke sine kurstilbod.

Landsrådet for Noregs barne- og ungdomsorganisasjonar (LNU)

LNU er ein paraplyorganisasjon som arbeider med barne- og ungdomspolitiske saker. LNU forvaltar m.a. Frifond-ordninga. NU har observatørmedlemskap, men kan søke på alle tilskotssordningane i LNU og delta med talerett i alle fora.

Musikk og Ungdom

Noregs Ungdomslag gjekk inn i ein samarbeidsavtale med Musikk og Ungdom i 2007. Nettverket har tre hovudoppgåver:

- synleggjere verksemd for og med unge innanfor musikkområdet i Noreg og utlandet
- vere ein portal for ungdom si musikkdeltaking i inn- og utland
- vere ein samhandlingsplattform for verksemd og tiltak for unge innanfor musikkområdet

Nordisk Samorganisasjon for Ungdomsarbeid (NSU)

NSU er ein paraplyorganisasjon for 19 landsdekkande ungdomsorganisasjonar i Norden, med over 2 000 000 medlemmer. Føremålet er å styrke samarbeidet mellom partipolitisk uavhengige ungdomsorganisasjonar i Norden. Organisasjonen legg vekt på eigenaktivitet, opplysning, samarbeid og kontakt i det nordiske fellesskapet.

Nordlek

Noregs Ungdomslag er medlemsorganisasjon i Nordlek, som ein av 23 nordiske organisasjonar og den einaste norske organisasjonen. Nordlek arrangerer Nordlek-stemne kvart tredje år, Barnlek-stemne for barn og unge kvart tredje år, mindre folkedansstemne som Isleik og Havleikur, i tillegg til kurs og utveksling mellom folkedans- og musikkgrupper.

NU var godt representert i organisasjonen Nordlek, med Torunn Hernes Bjerkem i styret i Nordlek, Torbjørn Bergwitz Lauen i Barne- og Ungdomsutskottet, Anne Marie Nerby i Folkekultur- og danseutskottet og Gunn Inger Sture i Folkemusikkutskottet. I perioden har desse mellom anna deltatt på nordiske møte, og delteke i formidlinga av informasjon.

Noregs Mållag

Noregs Mållag arbeider for å styrkja nynorsk som bruksspråk og å tryggja den reelle retten til å vera nynorskbrukar. Mållaget har lenge satsa mykje på skulemål og offentleg målbruk. Noregs Mållag vart skipa i 1906 og har nær 10 300 medlemmer fordelt i 19 fylkeslag og nær 200 lokallag.

Norsk Barneblad

Norsk Barneblad er ei sjølvvegande stifting skipa av Bondeungdomslaget i Oslo, Noregs Mållag, Norsk Måldyrkingslag og Noregs Ungdomslag. Det er også desse organisasjonane som sit i styret og rådet. Rita Sirirud Strandbakke har vore medlem i styret med Lisa Grav Henriksen som vara. Marie Nicolaisen og Kine Reiersen har vore medlemmer i rådet med Åshild Mjelde Nordås og Andreas Løken som varamedlemmer.

Norsk Folkemusikklag

Laget fungerer som eit forum for forskarar, formidlarar, utøvarar og andre som arbeider med eller interesserer seg for folkemusikk og folkedans. Noregs Ungdomslag er medlem.

Norsk teaterråd

Norsk teaterråd var ein paraplyorganisasjon for amatørteaterverksemda i Noreg. Som omtalt i forrige årsmelding, var 2014 oppstarten på ei lengre periode med turbulens for teaterrådet, etter at Kulturdepartementet stoppa alle overføringane til organisasjonen. Dei største medlemsorganisasjonane i teaterrådet, inkludert NU, valde å melde seg ut av organisasjonen ved inngangen til 2015.

Kulturdepartementet valde i 2015 å lyse ut statstilskotet som tidlegare hadde

vore øyremerkt Norsk teaterråd, som midlar til felles amatørteateriltak, og opna for søknader frå heile feltet. Norsk teaterråd fekk avslag på sin søknad, og det viste seg raskt for alle at teaterrådet ikkje lenger var levedyktig når ein ikkje fekk driftsmidlar frå departementet. Organisasjonen vart vedteken avvikla på ekstraordinært årsmøte i desember 2015.

I mellomtida hadde teaterrådet og NU eit praktisk samarbeid, ved at NU drifta manustenesta Dramas mellombels i perioden september-desember, slik at denne ikkje skulle bli liggande brakk. Drifta vart finansert gjennom eit særskild tilskot frå Kulturdepartementet. I samband med at teaterrådet blei nedlagt i desember, gjorde avviklingsstyret vedtak om å overføre Dramas til Teateralliansen.

Nynorsk Forum

Noregs Ungdomslag er med i forumet, som driv med politisk samordning og diskuterer felles tema for norskdomsrørsla. Generalsekretær har møtt i forumet for NU.

Nynorsk Kultursentrum

Stiftinga Nynorsk kultursentrum eig og driv Ivar Aasen-tunet i Ørsta og Olav H. Hauge-senteret i Ulvik som er under etablering. Stiftinga gjennomfører eit breitt kulturprogram året rundt. Høgdepunktet er Dei nynorske festspela i Ivar Aasen-tunet i slutten av juni, ei årleg feiring av den nynorske skriftkulturen. Noregs Ungdomslag er ein av stiftarorganisasjonane, og Marit Nerås Krogsæter representerer NU i rådet, med Endre Kleiveland som varamedlem.

Nynorsk pressekontor

Nynorsk Pressekontor (NPK) har sidan starten i 1969 levert stoff på nynorsk til aviser og andre medium landet rundt. Stiftinga Nynorsk Pressekontor inngjekk i 2007 eit tett samarbeid med Norsk Telegrambyrå (NTB), som i dag står for drifta av kontoret. Stiftinga har eit styre på sju medlemmer, der NU oppnemner to av medlemmene. NU sine representantar har vore Endre Kleiveland og Kine Reiersen. Varafolk har vore Rita Sirirud Strandbakke og Marie Nicolaisen.

Riksscenen for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans

Riksscenen for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans blei etablert som stifting 16. mars 2007 av Juoigiid Searvi, Landslaget for Spelemenn, Noregs Ungdomslag, Norsk Folkemusikk- og Danselag og Samspill International Music Network. Føremålet til Riksscenen er å vere ein nasjonal møteplass for aktørar innanfor sektoren og publikum.

Rådet for folkemusikk og folkedans (Rff)

Rådet for folkemusikk og folkedans er eit samarbeidsorgan for folkemusikk og folkedans i Noreg. Det er representantskapsmøte kvart år. Rådet har 7 medlemmer med personlege varamedlemmer og sit for 4 år om gongen. Noverande råd vart oppnemnt for perioden 1. januar 2012 til 31. desember 2015. Endre Kleiveland sat i råden i denne perioden. Rådet fungerer som eit fagleg sjølvstendig organ innafor stiftinga Rådet for folkemusikk og folkedans og har ei tredelt rolle som samarbeidsorgan, sakkunnig organ og eit forvaltningsorgan.

Stiftinga Hilmar Alexandersen

Stiftinga Hilmar Alexandersen er ei ideell stifting som skal vere ein arena for å fremje tradisjonskultur og kultur som næring. Stiftinga har som formål å gjennomføre ein årleg folkemusikkfestival med konsertar, kurs og andre aktivitetar knytt til tradisjonsmusikk, -song og -dans. Noregs Ungdomslag er medstiftar.

Studieforbundet kultur og tradisjon

Noregs Ungdomslag er ein av dei største medlemsorganisasjonane i studieforbundet. Endre Kleiveland og Eli Ulvestad har representert NU i styret for studieforbundet. Frå mai har Eli Ulvestad vore leiar i styret. Rita Sirirud Strandbakke har representert NU i valnemnda.

Teateralliansen

I samband med at Kulturdepartementet lyste ut nær 7 millionar kroner til felles amatørteateriltak våren 2015 (jf omtale under Norsk teaterråd), valde fem organisasjonar som hadde meldt seg ut av teaterrådet å søkje på midlane, for å sikre viktige fellestiltak for feltet kunne halde fram.

Dei fem organisasjonane delte seg derimot i to grupperingar, der HATS og Vestlandske teatersenter søkte eit samarbeid med andre regionale aktørar. Organisasjonane Norsk amatørteaterforbund, Frilynt og NU søkte saman i ei anna gruppering. Vi søkte samtidig eit samarbeid med Studieforbundet kultur og tradisjon, som vårt felles studieforbund, og paraplyorganisasjonen Norsk musikkråd, som har etablert forvaltningskompetansen, og samla oss i namnet ”Teateralliansen,” først og fremst som namn på eit strategisk og kulturpolitisk samarbeid.

Midlane vart frå departementet si side lyst ut med eit treårsperspektiv, og potensielle søkjarar blei bedne om å levere søknader om tiltak og aktivitetar for heile denne perioden.

Dei fem organisasjonane i Teateralliansen sendte ein søknad om midlar, og fekk tildelt om lag halvparten av dei utlyste midlane. Generalsekretærene i dei fem organisasjonane har utgjort ei styringsgruppe for alliansen, for å sikre framdrift og samordning mellom dei ulike prosjekta i søknaden. I desember 2015 avgjorde ein å stifte Teateralliansen formelt som organisasjon, slik at eit eige organisasjonsnummer kunne stå som ansvarleg mottakar av midlane frå 2016.

Teateralliansen fekk også eigne midlar frå departementet til eit pilotprosjekt for å utgreie behovet for ein paraplyorganisasjon som skal samle heile kulturfeltet. Paraplyorganisasjonen har arbeidstittelen Kulturalliansen. Utgreiingsarbeidet starta i november og har eit knapt år som tidsperspektiv.

Noregs Ungdomslag har hatt koordineringsansvaret for Teateralliansen, og er prosjektleiar for utgreiingsarbeidet rundt Kulturalliansen.

Representasjon

Arrangør	Tema og dato	Kven som deltok
Norges musikkhøgskole	Samarbeidsmøte om rekruttering til folkemusikkutdanningane, 6. januar	Folkedal
Studieforbundet kultur og tradisjon	Møte om prosjektet bunad og kulturnæring, 7. januar	Ulvestad
Norsk barneblad	Styremøte, 8. januar	Strandbakke
Kronprinsparet	Vismennenes dag, fredag 9. januar	Kleiveland
Frivillighet Norge	Toppleiarkonferanse, 15. januar	Ulvestad
VOFO	Møte i regelverksutvalet, 21. januar	Ulvestad
Unicornis	Styremøte, 22. januar	Ulvestad
Telemark Ungdomslag m.fl.	Storkurs, 30.1-1. februar	Kleiveland
Gjensidigestiftelsen	Årskonferanse, 28. januar	Nordås
Rådet for folkemusikk og folkedans	Rådsmøte, 2-3. februar	Kleiveland
Nordmøre UL	Styremøte, 9. februar	Nekstad
Norsk teaterråd	Ekstraordinært årsmøte, 9. februar	Kleiveland, Nicolaisen, Ulvestad
Nynorsk forum	Møte, 11. februar	Ulvestad
Nynorsk pressekontor	Styremøte og årsmøte 12. februar	Kleiveland, Fjellanger
Studieforbundet kultur og tradisjon	Styremøte, 13. februar	Kleiveland, Ulvestad
Nordmøre og Romsdal Ungdomslag	Årsmøte 28. februar	Nekstad
Bunadopplæringa	Møte i styringsgruppa, 3. mars	Ulvestad
VOFO	Møte i regelverksutvalet, 4. mars	Ulvestad
Kulturdepartementet	Møte om utlyste midlar til amatørteaterforemål, 5. mars	Ulvestad
Huset i Bygda Hordaland	Møte i referansegruppa, 10. mars	Kleiveland
Vestlandske teatersenter	Seminar om redesign av amatørteatererørsla, 10.- 11. mars	Kleiveland, Nordås
Nynorsk forum	Møte om nynorsk digital strategi, 19. mars	Redalen
Den mangfaldige scenen AS	Styremøte 19. mars	Kleiveland
Norsk barneblad	Seminar om utvikling av bladet, 20. mars	Strandbakke
Studieforbundet kultur og tradisjon	Styremøte/studietur, 12.-14. april.	Kleiveland, Ulvestad
Elverum folkehøgskole	9. aprilmarkering	Reiersen
Nynorsk kultursentrum	Rådsmøtet Vinje, 9.-10. april	Krogsæter
Studieforbundet kultur og tradisjon	Møte i valnemnda, 21. april	Strandbakke

Handverksskolen	Treseminar Dovre, 24. april	Ulvestad
LNU	Barne- og ungdomstinget, 24.-25. april	Krogsæter
Det Norske Teatret	Møte i målpolitisk råd, Oslo 25. april	Ulvestad
Det Norske Teatret	Årsmøte, Oslo 26. april	Ulvestad
FolkOrg	Landsmøte, Oslo 25. og 26. april	Nicolaisen
Senter for folkemusikk og folkedans	Møte om nytt utøvande studie i folkedans, Trondheim 28. april	Folkedal
Norsk barneblad	Rådsmøte, Oslo 28. april	Strandbakke, Nicolaisen, Nordås
Røros folkedanslag	Rørosleiken, 2. april	Reiersen
Rådet for folkemusikk og folkedans	Rådsmøte, Trondheim 4. og 5. mai	Kleiveland
Den Mangfaldige scenen	Styremøte, Oslo 5. mai	Ulvestad
Den Mangfaldige scenen	Generalforsamling, Oslo 5. mai	Strandbakke, Ulvestad
Norsk musikkråd	Supperåd, Oslo 7. mai	Redalen, Nekstad
Rådet for folkemusikk og folkedans	Samrådsmøte, Oslo 8. mai	Kleiveland, Folkedal
Nordisk samorganisasjon for ungdomsarbeid	Toppleiarmøte, København 8. mai	Ulvestad
Nordisk samorganisasjon for ungdomsarb.	Styremøte, København 9. mai	Ulvestad
Norges Husflidslag	Seminar ”kulturarv som raknar i saumane”, Oslo 12. mai	Ulvestad, Redalen
Peer Væringsaasens nasjonalfond	Styremøte og årsmøte, Elverum 19. Mai	Reiersen
Unicornis AS	Generalforsamling, Oslo 26. mai	Ulvestad
Studieforbundet kultur og tradisjon	Årsmøte, Oslo 27. mai	Kleiveland, Ulvestad, Nekstad, Redalen, Folkedal, Nordås
Studieforbundet kultur og tradisjon	Styremøte Oslo 27. mai	Kleiveland, Ulvestad
Vaksenopplæringsforbundet	Årsmøte, Oslo 28. mai	Ulvestad
Vaksenopplæringsforbundet	Avslutning for generalsekretær Sturla Bjerker, Oslo 28. mai	Ulvestad
Nynorsk pressekontor	Styremøte, 28. Mai	Kleiveland, Reiersen
Den mangfaldige scenen	Styremøte, 17. september	Ulvestad
Nynorsk pressekontor	Styremøte, 24. september	Kleiveland
Kulturdepartementet	Møte med statssekretæren, 24. september	Kleiveland, Ulvestad
Riksscenen	Rådsmøte, 25. september	Nicolaisen, Ulvestad, Redalen
KDL-gruppa (kultur, demokrati og livssyn) i VOFO	Møte, 5. oktober	Ulvestad
Kulturalliansen	Møte i styringsgruppa, 6. oktober	Ulvestad
Teateralliansen	Møte i styringsgruppa, 7. oktober	Ulvestad

Bunadsopplæringa	Møte i styringsgruppa, 13. oktober	Ulvestad
Nynorsk forum	Møte, 15. oktober	Ulvestad
Bergen UL Ervingen	10-årsjubileum	Ims
Norsk teateråd	Telefonmøte om Dramas, 19. oktober	Ulvestad
Stortinget	Budsjett høring i kulturkomiteen, 20. oktober	Kleiveland, Redalen
Teateralliansen	Møte om teatersport, 21. oktober	Nordås
Stortinget	Kulturkaffikoppen, 22. oktober	Ulvestad
Rådet for folkemusikk og folkedans	Rådsmøte, 27.-28. oktober	Kleiveland
Aust-Agder UL	Samrådsmøte, 27.-28. oktober	Nordås
Rådet for folkemusikk og folkedans	Årskonferansen, 28.-30. oktober	Kleiveland, Ims, Bringslid, Folkedal, Redalen
VOFO	Representantskapsmøte, 29. oktober	Ulvestad
Norsk teateråd	Møte om Dramas, 29. oktober	Ulvestad
Frilynt Norge	50-årsjubileum, 31. oktober	Ulvestad
Frivillighet Norge	Årsmøte, 2. november	Kleiveland, Ulvestad
Venelaget for Dag og Tid	Stiftingsmøte, 4. november	Krogsæter, Ulvestad
Telemark UL	Tillitsfolkemøte, 7. november	Nekstad
Frivillighet Norge	Styremøte, 11. november	Ulvestad
Nordland Ungdomsfylking	Møte med styret om besøksrunde, 13. november	Nilsen, Redalen
NSU	Styremøte, 14. november	Nicolaisen
Det Norske Teatret	Møte i målpolitisk råd, 14. november	Ulvestad
Folkedansorganisasjonane	Samrådsmøte, 20. november	Ulvestad, Folkedal
Studieforbundet kultur og tradisjon	Styremøte 23. november	Kleiveland, Ulvestad
LNU	Møte om spelpolitikk, 23. november	Redalen
Kulturalliansen	Innleiande seminar, 24. november	Krogsæter, Ulvestad, Redalen
Den mangfaldige scenen	Styremøte, 27. november	Ulvestad
UL Utheim, Nordmøre	Opning av Kårvåghallen, 28. november	Nekstad
Sogn og Fjordane Ungdomslag	Lokallagsbesøk, Stryn 30. november	Kleiveland, Nordås
Nynorsk pressekontor	Styremøte, 30. november	Kleiveland
Sogn og Fjordane Ungdomslag	Lokallagsbesøk, Hardbakke 1. desember	Nordås
Sogn og Fjordane Ungdomslag	Lokallagsbesøk, Fresvik 2. desember	Nordås
Sogn og Fjordane Ungdomslag	Lokallagsbesøk, Lærdal 3. desember	Nordås

Troms Ungdomsfylking	Styremøte, 3. desember	Nekstad
Regjeringa	Møte om oppfølging av frivillighetserklæringa, 4. desember	Kleiveland, Ulvestad
Kutluralliansen	Møte i styringsgruppa, 7. desember	Ulvestad
Scenefolk	Seminar Stiklestad, 8. desember	Ulvestad
Kulturdepartementet	Oppfølging av søknad Teateralliansen, 15. desember	Ulvestad

11 Fonda

Akademifondet for norsk kulturreising

Akademifondet gjev tilskot til tiltak innan folkeopplysning, mål og kulturarbeid. Fondsstyret legg til grunn ei vid tolking av desse omgrepa, og ser gjerne at utøvarar og andre brukarar av folkeleg kultur søker. Ein vil og inspirere til og auke forståinga for å samle inn, ta vare på og nytte tradisjonar innan det folkelege kulturarbeidet.

Alvilde og Knut Fianes legat

Ei testamentarisk gåve etter Alvilde og Knut Fiane der utbyttet skal gå til innkjøp av biblar og anna kristen undervisningslitteratur på nynorsk for barn.. Styret i NU er styre for fondet. Kriteria for tildelinga er lite tilpassa den aktiviteten laga i Noregs Ungdomslag driv.

Eufemiafondet

Eufemiafondet er oppretta av dramatikaren Peder W. Cappelen. Føremålet med fondet er å stø teaterprosjekt i Noregs Ungdomslag som bygger på norsk kulturell grunn. I tilsegnsbrevet skreiv Cappelen at bakgrunnen for gåva er den støtta og interessa som NU har synt i høve til bruk og utvikling av ny norsk dramatik for amatørar, og det store arbeidet organisasjonen elles gjer for å ta vare på og føre vidare den norske kulturarven. Noregs Ungdomslag er styre for fondet. Det vart ikkje delt ut midlar i 2015.

Ole Vig-fondet

Ole Vig-prisen går til ein ungdom mellom 20 og 35 år som har gjort ein framifrå kulturell innsats i Ole Vigs ånd. Ein Ole Vig-prisvinnar må ha gjort ein meir enn vanleg god innsats innanfor folkeopplysningarbeid og/eller kunst eller kulturarbeid medrekna idrett. I fondsstyret sit Ina Cyrus for Noregs Ungdomslag med Lars Bendik Austmo som personleg varamedlem. I 2015 gjekk prisen til Helene Meier frå BUL Sarpsborg. Helene fekk prisen for sin store innsats for folkedansarbeidet blant dei unge i Sarpsborg.

Opplæringsfondet i Noregs Ungdomslag (Noregs Utdanningsfond)

Føremålet med fondet er på yte tilskot/stipend til kurs og andre opplæringstiltak som kan styrke medlemmer og tilsette i Noregs Ungdomslag og dei aktivitetane og det arbeidet desse utfører i organisasjonen. Styret i NU er styre for fondet, og det blir delt ut midlar kvart andre år. Det vart ikkje delt ut midlar i 2015.

Peer Væringsaasens nasjonalfond

Fondet, som vart oppretta av Helge Væringsaasen til minne om sonen Peer, eig og driv Elverum Folkehøgskule. I statuttane for fondet skal NU og Norsk Folkehøgskulelag oppnemne kvart sitt styremedlem. Kine Reiersen representerer NU i fondsstyret. Det vert ikkje delt ut årlege stipend frå dette fondet. Fondet vart organisert som ei stifting frå januar 2007.

Rasmus og Agnes Pettersons fond/Ole Bulls fond

Rasmus og Agnes Pettersons fond har gitt tilskot til ungdom som utdannar seg innanfor song og musikk, men fondet har etter fondsstyret si vurdering ikkje vore berekraftig. Etter ein lengre prosess vart difor fondet omdanna i 2015, ved at det blei slått saman med Ole Bulls fond. I fondsstyret sit Ingunn Skjelvan for Noregs Ungdomslag.

Riksfondet for nynorsk presse/Stiftinga vener av dag og tid.

Riksfondet for nynorsk presse vart skipa i 1964 som eit støttetiltak for nynorsk presse. Noregs Ungdomslag har to medlemmer i fondsstyret. Dette har i mange år vore Olaf Almenningen og Sverre Valdøl. I 2015 vart fondet omdanna til Stiftinga Vener av Dag og Tid. Marit Nerås Krogsæter avløyste då Valdøl i fondsstyret, medan Almenningen heldt fram.

Yttri-fondet

Yttri-fondet vart oppretta til minne om Ivar Aasen, Aasmund Olavson Vinje, Per Sivle og Arne Garborg. Gunhild Berge Stang og Eli Ulvestad sit i styret for fondet for Noregs Ungdomslag. I 2015 blei det ikkje delt ut midlar frå fondet.

12 Rekneskap

Melding frå styret om året 2015

Noregs Ungdomslag er ein kulturorganisasjon, som gjennom folkelege kulturaktivitetar vil skape engasjement og levande lokalmiljø. Kontoret til sentralleddet er lokalisert i Oslo.

Årsrekneskapen med notar gir etter styret si vurdering fullstendig og utfyllande informasjon om organisasjonen si utvikling, resultat og stilling ved utgangen av rekneskapsåret. Det har ikkje skjedd overordna eller strategiske endringar som har gitt konsekvensar for organisasjonen i 2015. Styret kjenner ikkje til tilhøve som har oppstått etter at rekneskapsåret vart avslutta, som har konsekvensar for vurderinga av årsrekneskapen.

Årsrekneskapen for 2015 er satt opp under føresetnad av fortsatt drift. Det blir med dette stadfesta at føresetnadene for fortsatt drift er til stade.

Arbeidsmiljøet blir vurdert som godt. Det er ikkje rapportert om skader eller ulukker på arbeidsplassen i løpet av året. Organisasjonen har ikkje hatt nemneverdig sjukefråvær i 2015.

Organisasjonen har 5 faste årsverk. Styret er samansett av 7 personar; 3 menn og 4 kvinner. Styret har ikkje funne det naudsynt å iverksetje særskilde tiltak med omsyn til likestilling.

Verksemda medfører ikkje forureining eller utslepp som kan vere til skade for det ytre miljøet. Avfall blir kjeldesortert i samsvar med eksisterande rammevilkår.

Oslo, 12. mars 2016



Marit Nerås Krogsæter
styremedlem




Rita Sirirud Strandbakke
styremedlem



Ingeborg Hollekim Bringslid
1. varamedlem



Kine Reiersen
styremedlem



Håvard Ims
styremedlem

Tone Mjelde
styremedlem



Morten Nilsen
styremedlem



Eli Ulvestad
generalsekretær

Resultatrekneskap

	Note	2015	2014
Tilskot	8	-4 723 657	-4 649 958
Medlemspengar		-2 449 035	-2 529 718
Andre inntekter		-761 237	-1 253 207
Sum driftsinntekter		-7 933 929	-8 432 883
Varekostnad		68 123	-152 514
Lønskostnad	3	3 760 283	3 357 228
Anna driftskostnad		3 673 330	5 148 937
Sum driftskostnader		7 501 737	8 353 651
Driftsresultat		-432 192	-79 232
Anna renteinntekt		-31 788	-18 513
Anna rentekostnad		412	277
Sum finanspostar		-31 376	-18 237
Årsresultat	2	-463 568	-97 469
Overført til annan eigenkapital		463 568	97 469
Sum overføringar		463 568	97 469

Balanse

EIGEDELAR	Note	31.12.15	31.12.14	EIGENKAPITAL OG GJELD	Note	31.12.15	31.12.14
Anleggsmidler				Eigenkapital			
Datautstyr		63 456	66 037	Festival/stemnefond		183 321	183 321
Sum varige driftsmidler	4	63 456	66 037	Opplæringsfondet		231 166	227 880
Aksjar Det Norske Teatret (89 stk)		23 500	23 500	Barnlekoverskot		50 000	50 000
Aksjar Den mangfaldige scenen (3 stl)	9	20 000	20 000	Eige etter nedlagde lag	7	120 197	119 656
Depositum		16 200	16 200	Sum egenkapital med restriksjonar		584 684	580 857
Sum finansielle anleggsmidler		59 700	59 700	Annan eigenkapital		883 339	785 870
Sum anleggsmidler		123 156	125 737	Resultat		463 568	97 469
Omløpsmidlar				Sum egenkapital utan restriksjonar		1 346 907	883 338
Varer		237 663	280 790	Sum eigenkapital		1 931 590	1 464 195
Sum varelager		237 663	280 790	Gjeld			
Kundefordringar	6	269 528	1 164 812	Samlekonto kreditorar		210 804	228 251
Lønsforskot		1 716	1 716	Sum leverandørgjeld		210 804	228 251
Sum kortsiktige fordringar		271 244	1 166 528	Skattetrekk		127 003	126 597
Forskotsbetale kostnader		92 405	59 343	Sum skattetrekk og andre trekk		127 003	126 597
Sum forskotsbetalte kostnader		92 405	59 343	Skuldig arbeidsgjevaravgift		162 612	150 721
Kontantar		3 169	237	Sum offentlege avgifter		162 612	150 721
Bankinnskot	5	3 800 309	1 748 512	Periodiserte prosjekttilskot		1 211 870	482 984
Sum likvide midlar		3 803 478	1 748 749	Dokumentasjon av lagsbruka		500 000	600 000
Sum omløpsmidlar		4 404 790	3 255 409	Skuldige feriepengar		342 538	341 869
SUM EIGEDELAR		4 527 946	3 381 146	Pålopte kostnader		55 000	0
				Omstridt krav		-13 471	-13 471
				Sum anna kortsiktig gjeld		2 095 937	1 411 382
				Sum gjeld		2 596 356	1 916 951
				SUM EIGENKAPITAL OG GJELD		4 527 946	3 381 146

Oslo, 12. mars 2016



Marit Nerås Krogsæter
styremedlem



Rita Sirirud Strandbakke
styremedlem



Ingeborg Hollekim Bringslid
1. varamedlem



Kine Reiersen
styremedlem



Håvard Ims
styremedlem

Tone Mjelde
styremedlem



Morten Nilsen
styremedlem



Eli Ulvestad
generalsekretær

Note 1: Rekneskapsprinsipp

Årsrekneskapen er satt opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsskikk. Unntaksreglane for små føretak er brukt for dei postane det er mogleg.

Prinsipp for inntektsføring

Inntektsføring skjer etter oppteningsprinsippet. Kostnader er medtekne etter samanstillingsprinsippet, det vil seie at kostnader er tekne med i den perioden som dei tilhøyrande inntektene er inntektsført.

Hovudregel for vurdering og klassifisering av gjeld

Eigendelar som er tenkt til varig eige eller bruk er klassifisert som anleggsmidlar. Andre eigendelar er klassifisert som omløpsmidlar. Fordringar som skal bli betalt innan eit år er klassifisert som omløpsmidlar. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarande kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidlar er vurdert til kostpris, men blir nedskriven til verkeleg verdi når verdifallet ikkje er forventa å vere forbigåande. Anleggsmidlar med avgrensa økonomisk levetid, blir avskrive lineært over forventa økonomisk levetid.

Omløpsmidlar blir vurdert til lågaste verdi av kostpris og virkelig verdi.

Kortsiktig og langsiktig gjeld blir balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Varige driftsmidlar blir balanseført til kostpris med frådrag for lineære avskrivningar over driftsmidlane si forventa levetid.

Kundefordringar og andre fordringar er oppført til pålydande etter frådrag for avsetning til forventa tap. Avsetning til tap blir gjort på grunnlag av ei individuell vurdering av dei enkelte fordringane, og utover dette blir det gjennomført ei uspesifisert avsetning for å dekke sannsynlege tap.

Note 2: Prosjektrekneskap

		Budsjett 2015			2015			2014	
		Inntekter	Kostnader	Sum	Inntekter	Kostnader	Sum	Netto	
101	Personalkostnader	0	2 785 000	2 785 000	0	2 688 781	2 688 781	2 672 513	a
103	Kontordrift	-48 000	1 362 000	1 314 000	-66 970	1 327 839	1 260 869	1 215 237	b
104	Reisekostnader	0	122 000	122 000	0	181 906	181 906	179 498	c
105	Varesal	-45 000	50 000	5 000	-57 376	68 311	10 935	-311 026	d
	Sum kontoret	-93 000	4 319 000	4 226 000	-124 346	4 266 837	4 142 491	3 756 222	
210	Landsmotet	-250 000	265 000	15 000	-212 130	228 394	16 264	59 141	
211	Styret	0	457 000	457 000	0	446 548	446 548	498 072	e
212	Landsrådet	-70 000	75 000	5 000	-33 300	37 870	4 570	4 011	
213	Utval under styret	0	50 000	50 000	0	48 954	48 954	43 295	
221	Valnemnda	0	25 000	25 000	0	25 800	25 800	30 602	
260	Samarbeidsorganisasjonar	-4 000	113 000	109 000	-4 600	129 620	125 020	135 141	f
	Sum styringsstruktur	-324 000	985 000	661 000	-250 030	917 186	667 156	770 262	
301	Sommarleir	-145 000	230 000	85 000	-161 600	238 983	77 383	115 524	
302	Folkedansfestivalen	0	0	0	0	0	0	51 728	
303	Norsk Amatorteaterfestival	0	0	0	0	0	0	196 762	
311	Kven Veit	-49 000	45 000	-4 000	-49 030	45 050	-3 980	31 750	
312	Gjesteinstruktur organisasjon	0	0	0	0	0	0	1 694	
313	Gjesteinstruktur teater	-32 000	95 000	63 000	-12 000	27 883	15 883	52 001	
314	Gjesteinstruktur dans	-12 000	42 000	30 000	-8 000	31 087	23 087	11 592	
315	Instruktør opplæringa	0	10 000	10 000	-1 080	9 411	8 331	2 123	
335	Nordlek-stemner	0	10 000	10 000	-89 079	31 717	-57 362	8 777	
	Sum sentrale tilskipingar	-238 000	432 000	194 000	-320 789	384 132	63 342	471 953	
401	Lokallagsbesøk	-10 000	80 000	70 000	0	112 692	112 692	94 569	g
411	Ungdomshussatsing	-82 000	147 000	65 000	-82 000	181 644	99 644	75 797	
412	Huset i bygda Hordaland *	-300 000	310 000	10 000	-332 984	210 273	-122 711	-282 984	
413	Dokumentasjon av lagsfanene	0	0	0	0	0	0	296 448	
414	Dokumentasjon av lagsbruka	-100 000	100 000	0	-100 000	100 000	0	0	
415	NU kulturformidling	0	70 000	70 000	0	45 845	45 845	0	
421	Teater til alle *	-200 000	200 000	0	-200 000	0	-200 000	-200 000	
431	Sans for dans	0	0	0	0	0	0	50 413	
432	Dans og demokrati	0	0	0	0	0	0	19 254	
433	Ny giv (folkedansinstruktørar) *	-85 000	95 000	10 000	-86 592	43 144	-43 448	0	
441	Bunadstur	0	10 000	10 000	0	8 500	8 500	0	
	* Prosjektresultat overført til neste år	0	0	0	366 159	0	366 159	482 984	
	Sum prosjekt og satsingar	-777 000	1 012 000	235 000	-435 417	702 099	266 681	536 482	
501	Kulturalliansen *	-1 000 000	1 000 000	0	-1 000 000	201 199	-798 801	0	
502	Felles amatørteatertiltak	-3 200 000	3 200 000	0	-120 000	107 043	-12 957	0	
503	Dramas *	-400 000	400 000	0	-400 000	366 048	-33 952	0	
	* Prosjektresultat overført til neste år	0	0	0	845 710	0	845 710	0	
	Sum eksterne oppdrag	-4 600 000	4 600 000	0	-674 290	674 290	0	0	
701	Informasjonsmateriell	0	0	0	0	6 473	6 473	0	
702	Nettsider	0	34 000	34 000	0	33 196	33 196	37 321	
703	Medlemsblad	-45 000	409 000	364 000	-55 650	406 549	350 899	387 907	b
704	Samarbeid Norsk barneblad	0	115 000	115 000	0	111 389	111 389	94 001	
	Sum informasjonsarbeid	-45 000	558 000	513 000	-55 650	557 606	501 956	519 229	
901	Kontingent frå medlemmer og lag	-2 425 000	0	-2 425 000	-2 449 035	0	-2 449 035	-2 529 718	
902	Driftstilskot	-3 616 000	0	-3 616 000	-3 656 160	0	-3 656 160	-3 621 899	i
	Sum generelle inntekter	-6 041 000	0	-6 041 000	-6 105 195	0	-6 105 195	-6 151 617	
	Resultat	-12 118 000	11 906 000	-212 000	-7 965 717	7 502 149	-463 568	-97 469	

Vedlegg til prosjektrekneskaper

	Budjett 2015	2015	2014
a Personalkostnader			
4500 Andre framande ytingar	0	0	15 991
5000 Lon til tilsette	2 275 000	2 272 340	2 061 368
5004 Timeløn inkl. feriepengar	0	0	32 460
5010 Feriepengar	282 000	281 434	255 910
5025 Lønsbidrag frå prosjekt	-365 000	-365 000	0
5400 Arbeidsgjearavgift	333 000	322 170	287 215
5410 Arbeidsgjearavgift av feriepengar	40 000	39 682	36 495
5460 Pensjonspremie	320 000	243 678	249 336
5800 Refusjon av sjukepengar	-158 000	-158 205	-293 288
5830 Vidarefakturert løn	0	0	-24 148
5900 Gåver til tilsette	10 000	2 957	10 507
5910 Kantinekostnader	0	170	-2 350
5920 Yrkesskadeforsikring	8 500	8 338	4 895
5941 OU-fond	0	390	320
5990 Andre personalkostnader	34 000	28 732	20 726
6860 Kurs, opplæring seminar	0	0	6 067
7500 Forsikringspremiar (reiseforsikring)	5 500	5 331	6 660
7790 Andre kostnader	0	6 739	4 268
8150 Andre rentekostnader	0	25	82
Sum personalkostnader	2 785 000	2 688 781	2 672 513

	Budjett 2015	2015	2014
b Kontordrift			
3120 Vidarefakturerte kostnader	-3 000	-8 048	-15 877
3620 Utleiing	-25 000	-27 135	-97 903
4060 Frakt, toll og spedisjon	12 000	12 086	0
4500 Andre framande ytingar	0	938	0
6010 Avskrivningar	55 000	50 719	61 349
6300 Leige av lokaler	465 000	495 795	543 713
6340 Lys og varme	10 000	146	7 656
6360 Reinhold	25 000	20 253	35 344
6390 Andre kostnader lokaler	10 000	19 740	0
6400 Leige maskiner	22 000	21 416	17 858
6490 Annan leigekostnad	2 000	1 590	1 880
6540 Inventar	25 000	32 412	10 298
6550 Driftsmaterialar	20 000	8 676	6 665
6560 Rekvissita	0	8 478	0
6620 Reparasjon og vedlikehald utstyr	0	988	6 118
6700 Revisjonshonorar	140 000	130 000	144 125
6705 Rekneskapstenester	180 000	149 391	182 974
6790 Kjøp av tenester	45 000	1 875	5 625
6800 Kontorrekvisita	28 000	47 067	9 859
6810 IKT-utstyr (datautstyr, dataprogram, lisensar)	165 000	165 212	148 035
6820 Trykksaker	13 000	13 250	6 325
6840 Aviser, tidsskrift m.m.	3 500	4 690	12 497
6900 Telefon og breiband	75 000	69 747	63 894
6940 Porto	25 000	29 830	16 458
7320 Reklamekostnader	5 000	3 375	11 490
7430 Gåver, ikkje fradragsrett	4 000	3 813	3 265
7500 Forsikringspremiar	22 000	22 212	24 566
7770 Bank- og kortgebyr	8 000	8 164	9 483
7790 Andre kostnader	2 500	3 958	140
7830 Tap på krav	0	1 830	16 313
8050 Anna renteinntekt	-20 000	-31 788	-18 513
8150 Annan rentekostnad	0	192	195
8160 Valutatap	0	0	1 407
Sum kontordrift	1 314 000	1 260 869	1 215 237

	Budjett 2015	2015	2014
c Reisekostnader			
6300 Leige lokaler	0	0	1 540
7140 Reisekostnader	45 000	59 798	55 852
7145 Reisekostnader (hotell)	55 000	85 889	78 340
7150 Diettkostnader oppgavepliktig	10 000	18 213	15 380
7160 Diettkostnader ikkje oppgavepliktig	2 000	9 140	20 263
7360 Representasjon/servering på moter	10 000	8 866	8 124
Sum reisekostnader	122 000	181 906	179 498

	Budjett 2015	2015	2014
d Varesal			
3100 Salsinntekter	-45 000	-53 883	-158 512
3140 Royalty	0	-3 493	0
4060 Frakt av fanebøker	0	188	0
4090 Endring av varelager	25 000	43 127	-162 235
4300 Innkjøp av varer for vidaresal	25 000	24 996	9 721
Sum varesal	5 000	10 935	-311 026

	Budjett 2015	2015	2014
e Styret			
5000 Løn til tilsette (styrleiar)	172 000	160 250	165 583
5004 Timeløn inkl. feriepengar	0	0	3 819
5010 Feriepengar	20 000	19 230	19 870
5330 Styrehonorar	32 000	32 000	44 400
5400 Arbeidsgjearavgift	29 000	29 909	32 742
5410 Arbeidsgjearavgift av feriepengar	3 000	2 711	2 802
6300 Leige av lokale	8 000	7 600	0
6860 Kurs, opplæring og seminar	0	1 775	1 200
6900 Telefon	2 000	1 507	0
7140 Reisekostnader	100 000	90 937	94 217
7145 Overnattingskostnader	65 000	76 913	110 979
7160 Mat på reise	2 000	1 392	8 885
7360 Motemat	15 000	13 547	7 300
7430 Gåver	9 000	8 776	3 820
7500 Personalforsikringar	0	0	2 455
Sum styret	457 000	446 548	498 072

	Budjett 2015	2015	2014
f Samarbeidsorganisasjonar			
3120 Vidarefakturerte kostnader	0	-4 600	-20 431
3980 Andre inntekter	-4 000	0	0
6860 Kurs, opplæring og seminar	10 000	23 064	7 764
7140 Reisekostnader	25 000	25 692	68 815
7145 Overnattingskostnader	10 000	8 670	18 513
7150 Diettgodtgjersle	4 000	4 519	2 224
7160 Mat etter rekning	0	1 436	1 008
7320 Annonsekostnader	5 000	4 275	4 275
7360 Motemat	3 000	3 886	1 766
7410 Medlemskontingentar	51 000	51 564	49 055
7430 Gåver	1 000	2 074	1 713
7770 Bank- og kortgebyr	0	440	340
7790 Andre kostnader	4 000	4 000	100
Sum samarbeidsorganisasjonar	109 000	125 020	135 141

	Budjett 2015	2015	2014
g Lokallagsbesøk			
3980 Andre inntekter (frå fylkeslaga)	-10 000	0	-22 785
6300 Leige av lokaler	5 000	1 274	2 700
6790 Kjøp av tenester	0	0	15 000
6860 Kurs, opplæring og seminar	0	0	400
7140 Reisekostnader	28 000	36 270	38 194
7145 Overnattingskostnader	25 000	50 659	35 384
7150 Diettgodtgjersle	8 000	15 486	15 990
7160 Mat etter rekning	3 000	2 293	1 049
7360 Servering på moter	10 000	6 327	8 637
7430 Gåver	1 000	383	0
Sum lokallagsbesøk	70 000	112 692	94 569

	Budjett 2015	2015	2014
h Medlemsblad			
3150 Annonseinntekter	-45 000	-55 650	-33 360
4500 Språkvask og brekking av blad	58 000	60 138	0
6790 Kjøp av tenester (brekking av blad)	0	0	68 250
6820 Trykksaker	126 000	129 045	123 980
6940 Porto	225 000	217 367	228 972
7790 Andre kostnader	0	0	65
Sum medlemsblad	364 000	350 899	387 907

	Budjett 2015	2015	2014
i Tilskot til drifta			
3410 Statstilskot barne- og ungdomsarbeidet	-1 145 000	-1 154 149	-1 169 086
3411 Driftstilskot frå Kulturdepartementet	-1 056 000	-1 056 000	-1 022 000
3412 Statstilskot teaterarbeidet	-696 000	-696 000	-680 000
3420 Administrasjonstilskot, Studiearbeid	-161 000	-160 800	-165 760
3421 Administrasjonstilskot, Frifond	-93 000	-93 259	-90 920
3430 Momskompensasjon	-440 000	-485 952	-484 133
3460 Tilskot til adm. av Norsk folkeleg dans	-25 000	-10 000	-10 000
Sum tilskot til drifta	-3 616 000	-3 656 160	-3 621 899

Note 3: Lønskostnader

	2015	2014
Løner	3 137 813	3 196 426
Refundert lønn	-158 205	-651 755
Arbeidsgjevaravgift	459 186	454 756
Pensjonskostnader	245 369	279 304
Andre ytingar	32 000	44 400
Andre kostnader	44 121	34 098
Sum lønskostnader	3 760 283	3 357 228

Gjennomsnittleg tal tilsette **5** **5**

Ytingar til leiande personar

	Gen.sekr.	Styret
Løn og feriepengar	596 718	179 480
Pensjonsytingar	62 241	0
Anna godtgjersle	0	32 000

Revisor

Kostnadsført revisjonshonorar for 2015 utgjer kr 130.000.

Pensjonsforsikring

Organisasjonen har ytingsbasert pensjonsforsikring for sine tilsette.

Note 4: Varige driftsmidlar

	Datautstyr
Kostpris 1.1.	66 037
Kjøp gjennom året	48 138
Avgang i året	0
Kostpris 31.12.	114 175
Akkumulerte avskrivningar 31.12.	-50 719
Balanseført verdi 31.12.	63 456

Årets avskrivningar -50 719
 Økonomiske levetid 3 år
 Avskrivningsplan: Lineær 33 %

Note 5: Bundne midlar

I posten inngår bunde innskott på skattetrekkskonto kr 127.241,95, som er tilstrekkeleg til å dekke skuldig skattetrekk pr 31.12.2015.

Note 6: Kundefordringar

	2015	2014
Motteke tilsagn, ikkje utbetalt	215 000	675 000
Mellomvere Unicornis	178 993	370 643
Mellomvere fylkeslaga (kontingent etc)	-98 078	-272 625
Mellovere Norsk teaterråd	1 018	176 957
Reiserekningar 2015, utbetalt i 2016	-39 544	0
Andre kundefordringar	12 139	214 836
Sum kundefordringar	269 528	1 164 811

Note 7: Eige etter nedlagde lag

	2015	2014
Audna Ungdomslag	12 107	12 053
Rogalandslaget	16 704	16 629
Fylkeslaget Trysalir	11 997	11 943
Åssiden leikkarring, nedlagt 2005	18 808	18 724
Neadal Ungdomslag, nedlagt 1988	55 535	55 285
Halsa Ungdomslag, nedlagt 2013	5 045	5 022
Sum eige etter nedlagde lag	120 197	119 656

Note 8: Tilskot

	2015	2014
Driftstilskot BUF-dir	-1 154 149	-1 169 086
Driftstilskot frå Kulturdepartementet	-1 056 000	-1 022 000
Driftstilskot frå Norsk kulturråd (teater)	-696 000	-680 000
Administrasjonstilskot frå Studieforbundet	-160 800	-165 760
Administrasjonstilskot frå LNU (Frifond)	-93 259	-90 920
Momskompensasjon, inkl. administrasjonstilskot	-485 952	-484 133
Prosjekttilskot	-1 013 115	-831 804
Vaksenopplæringsmidlar	-2 250	-13 855
Ymse tilskot	-62 133	-192 400
Sum tilskot til drifta	-4 723 657	-4 649 958

Note 9 Aksjar i tilknyttta selskap

Namn på selskapet	Forretningskontor	Eigardel	Røysteandel	Eigenkap. Pr 31.12.	Resultat 31.12.
Den mangfaldige scenen AS	Oslo	33 %	33 %	16 288	159 916

Melding frå revisor for 2015

Vi har revidert årsrekneskapen for Noregs Ungdomslag som viser eit overskot på kr. 463 568. Årsrekneskapen er samansett av balanse per 31. desember 2015, resultatrekneskap for rekneskapsåret avslutta per denne dato, og ei beskriving av vesentlege rekneskapsprinsipp som er nytta, og andre noteopplysningar. Noregs Ungdomslag er ikkje rekneskapspliktig etter lova.

Styret sitt ansvar for årsrekneskapen

Styret er ansvarleg for å utarbeide årsrekneskapen og for at den gir eit rettvisande bilete i samsvar med rekneskapslovens regler og god regnskapsskikk i Noreg, og for slik intern kontroll som ledelsen finn nødvendig for å gjere det mogleg å utarbeide ein årsrekneskap som ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon, korkje som følgje av misleg framferd eller feil.

Revisors oppgåver og plikter

Oppgåva vår er, på grunnlag av revisjonen vår, å gi uttrykk for ei meining om denne årsrekneskapen. Vi har gjennomført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, medrekna internasjonale revisjonsstandardar fastsette av International Auditing and Assurance Standards Board. Revisjonsstandardane krev at vi etterlever etiske krav og planlegg og gjennomfører revisjonen for å oppnå tryggande sikkerheit for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon.

Ein revisjon inneber utføring av handlingar for å innhente revisjonsbevis for beløpa og opplysningane i årsrekneskapen. Dei valde handlingane avheng av revisors skjønn, mellom anna vurderinga av risikoane for at årsrekneskapen inneheld vesentleg feilinformasjon, anten det skuldast misleg framferd eller feil. Ved ei slik risikovurdering tar revisor omsyn til den interne kontrollen som er relevant for foreningen si utarbeiding av ein årsrekneskap som gir eit rettvisande bilete. Føremålet er å utforme revisjonshandlingar som er formålstenlege etter tilhøva, men ikkje å gi uttrykk for ei meining om effektiviteten av foreningen sin interne kontroll. Ein revisjon omfattar også ei vurdering av om dei rekneskapsprinsippa som er nytta, er formålstenlege, og om rekneskapestimata som er utarbeidde av leiinga, er rimelege, samt ei vurdering av den samla presentasjonen av årsrekneskapen.

Vi meiner at innhenta revisjonsbevis er tilstrekkeleg og formålstenleg som grunnlag for konklusjonen vår.



Revisorgruppen

Revisorgruppen FMØ DA
Oscars gate 30
Pb. 7154 Majorstuen
N-0307 Oslo

Tlf.: +47 23 20 49 00
Fax: +47 23 20 49 01

E-post: oslo@rg.no

Foretaksregisteret
NO 993 555 517 MVA

www.rg.no

Statsautoriserte
revisorer

Konklusjon

Vi meiner at årsrekneskapen er avgjeven i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisande bilete av den finansielle stillinga til Noregs Ungdomslag per 31. desember 2015 og av selskapets resultat for rekneskapsåret som vart avslutta per denne dato i samsvar med rekneskapslovens regler og god regnskapsskikk i Noreg.

Uttalelse om øvrige forhold

Konklusjon om årsmeldinga

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er skildra ovanfor, meiner vi at opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen, føresetnaden om at drifta skal halde fram og framlegget om bruk av overskotet er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Konklusjon om registrering og dokumentasjon

Basert på revisjonen vår av årsrekneskapen slik den er beskrevet ovanfor, og kontrollhandlingar vi har funne nødvendige etter internasjonal standard for attestasjonsoppdrag (ISAE) 3000 «Attestasjonsoppdrag som ikkje er revisjon eller forenklet revisorkontroll av historisk finansiell informasjon», meiner vi at leiinga har oppfylt plikta si til å sørgje for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av foreningen sine rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg.

Oslo, 12. mars 2016

Revisorgruppen FMØ DA

Arnt Holm Toverud
statsautorisert revisor

